







VÅGÅ
KOMMUNE





ØKONOMIPLAN

2017-20

Vedteke i kommunestyret, 13.12.16



**Første år i økonomiplanen er
årsbudsjett for 2017**





Utv.saksnr	Utval	Møtedato
69/16	Formannskapet	15.11.2016
83/16	Kommunestyret	13.12.2016

Budsjett 2017 og Økonomiplan 2017-2020

Vedlegg:

- 1 Økonomiplan 2017-2020 – Formannskapets framlegg
- 2 Tenestemøter 2017

Saksframlegg:

Kommuneloven har i § 44-47 reglar for økonomiplan, for årsbudsjett sitt innhald og årsbudsjettet sin bindande verknad. Formannskapet si innstilling skal i medhald av loven liggje ute til alminneleg ettersyn i minst 14 dagar før den blir handsama i kommunestyret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vere realistisk jfr. §44-3 og §46-3.

Fyrste året i økonomiplanen for perioda 2017-2020 blir vedteken som årsbudsjettet – drift og investeringar - for Vågå kommune for 2017.

Rametilskotet blir fastsett i Stortinget og ligg inne i økonomiplanen slik Regjeringa sitt budsjettforslag og tilleggsproposisjon ligg føre.

Vurdering:

Dei ulike vurderingane kjem fram i tekstdelen til økonomiplanen for 2017-2020.

Vi tek atterhald om skrive- og trykkfeil i økonomiplandokumentet.

Rådmannens innstilling:

1. Framlegg til økonomiplan for perioda 2017-2020 blir godkjent med dei endringane som kjem fram i Kommunestyret si handsaming.
2. Fyrste året i økonomiplanen for perioden 2017-2020 blir vedteken som årsbudsjett for drift og investeringar for Vågå kommune for året 2017, jfr. Budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B.
3. Ombudsløn blir sett til kr. 620 338 (2% auke), jfr. Reglement for frikjøp, godtgjersle med meir for kommunale ombud, sak 20/04 vedteke 04.05.04, pkt. 1.0, sak 36/08 vedteke den 24.06.08 og revidert 14.05.2013, sak 30/13.
4. Godtgjersle til ordføraren blir sett til 84% av stortingsrepresentantløn (kr. 906 928 pr. 01.05.2016) – kr. 761 820.
5. Marginavsetning for skatt i skattereknskapen er framleis 11%, jf. K-43/05 frå 18.10.05.

Saksprotokoll i Formannskapet - 15.11.2016

Behandling:

Forslag til tekstdel frå Bygdalista og Vågå Arbeiderparti

Bygdalista og Vågå Arbeiderparti vil gjennomføre følgjande nye tiltak i økonomiplanperioda og med følgjande overordna målsetjing:

Det er Bygdalista og Vågå Arbeiderparti sin intensjon at ein i planperioda klarar å slutføre tiltak som har vore utreda og vurdert over år.

Pkt. 1:

Galleri Krogvold

- Etablering og ferdigstilling av Galleri Krogvold med start i 2017 og slutføring i 2018.
 - o Prosjektet skal finansierast ved bruk av eigafinansiering og medfinansiering frå andre aktørar.

Pkt. 2:

1 – 10 Skule i Vågåmo

- Fortsetja forprosjekt og realisere arbeidet med ein 1 til 10 skule i Vågåmo.
 - o Ubrukte avsette midlar i budsjettet for 2016(200') skal overførast 2017.
 - o Vurdere felles bibliotek i ein 1 – 10 skule.
 - o Tilleggsfinansiering i 2017 blir gjort avhengig av generell framdrift i prosjektet.
 - o Samordning av IKT i samband med 1 – 10 skule.

Pkt. 3:

Kommunale eigedomar

Søre Grindstugu Barnehage – Tømrahuset

- Det skal gjerast ei vurdering av ny plassering av tømmerhuset i Søre-Grindstuen Barnehage. Huset kan ikkje nyttast som barnehage meir og det gjer beslag på eit utearealet til barnehagen. Huset skal vurderast for ei plassering i den lågbrone sona i sentrum for å forsterke den. Denne vurderinga skal leggjast fram for politikarane innan fyrste kvartal 2017.

Aktivitetshuset

I gjeldande barne- og ungdomsplan er det vedteke at Aktivitetshuset skal rehabiliterast.

- Det skal i planperioda avsetjast nødvendige midlar til oppgradering av Aktivitetshuset. Oppgraderinga skal utførast etter følgjande plan:
 - o I 2017 blir det avsett kr. 50.000 i driftsbudsjettet til utvendig beising og utskifting av kledning der det er nødvendig. Midlane blir stilt til disposisjon for Vågå Ungdomsråd. Arbeidet skal utførast på dugnad etter leiing frå ansvarleg på Teknisk Sektor.

Eigedomen Steinrådet 4 og 6, A-B

- Oversikta over kommunale bustader syner at Vågå kommune har ei omfattande bustadmasse å ta hand om. Vi er kjent med at det er nye utleigeeiningar klare for utleie våren 2017. Med bakgrunn i dette skal fire av dei kommunale einingane leggast ut for sal.

Pkt. 4:

Kultur- og Reiselivskommuna Vågå

Vågå Kommune må arbeide målretta med ei meir intensiv profilering av Vågå Kommune og det kulturmangfaldet som finns i bygda. Vi må og ta dette på alvor med tanke på folketalsnedgangen.

- Det skal avsetjast kr. 200.000 kroner i 2017 til Profilering av Vågå Kommune. Profileringa bør til dømes samordnast med andre kjente personer på messer o.l.
 - o Det skal etablerast ei eigen nettside i Vågå Kommune knytt til reiseliv. Det blir avsett kr. 50.000 i driftsbudsjettet for 2017 til dette føremålet.
 - o I planperioda skal det utarbeidast ein politisk forankra Kulturplan.
 - o Kulturminneplan skal ferdigstillast i planperioda.
 - o Det skal avsetjast kr. 200.000 i investeringsbudsjettet for 2017 til forprosjekt Vanglandet, som ein del av stadutviklingsprosjekt. Det skal tilretteleggjast for fiskeplasser, bruk av rullestol og barnevogner. Benkar og bålplassar.

Pkt. 5:

Munch

- I samband med Munch sitt 150-års-jubileum i 2013, samla Munch-stadene i Noreg seg i et nettverk for felles
- markeringar og aktiviteter. Samarbeidet vart leia av Munchmuseet.
- Det var ynskje om vidare samarbeid (2014)
- Dei same aktørane ynskjer å fortsetja og utvikle seg slik at ein i felleskap kan tilby eit heilheitleg tilbod om oppleving bygd på Edvard Munchs kunst og liv. Aktørane er frå det etablerte samarbeidet i Munch-kommunane i Kragerø, Åsgårdstrand, Vågå, Løten, Vestby, Moss og Fredrikstad saman med Munchmuseet og Nasjonalmuseet.
- Nettverket er i gang gjennom et forprosjekt (2015 – 2016)
- Alle dei opprinnelige Munch-stadene ynskjer å være med i et vidare samarbeid. Konklusjonen på nettverkssamlingen for Munch-kommunene 11. - 12. desember 2014 på Staur gård, Løten var eit ynskje om vidareføring av satsinga – med arbeidstittel ”Munch – Kunsten og livet”. Forprosjektet vart difor etablert og har arbeidd vidare med mobilisering og produktutvikling. Det er avhalde 2 nettverkssamlingar i 2015 og arbeidsgruppa har starta arbeidet med produktutvikling og testmarknadsføring. Forprosjektet vil ha ei avsluttande samling i Vågå i juni 2016.
- Som ei oppfølging av dette vil Vågå kommune sende ein søknad om støtte til vidare arbeid til Regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen, Oppland Fylkeskommune og Innovasjon Norge.
- Det blir for 2017 avsett ein pott på kr. 100.000 i driftsbudsjettet til Munch.

Pkt. 6:

Brustugujordet

Bygdalista og Vågå Arbeiderparti ynskjer, saman med utbyggjar, å koma fram til avtaler om bruk som gjev Brustugujordet status som ein attraktiv inngangsportal til Vågåmo Sentrum. Dette til det beste både for lokalbefolkning og tilreisande.

Pkt. 7:

Kjøp av privat skogteig

Kommunestyret gjev rådmannen i oppdrag å starte forhandlingar med grunneigar Hans Tolstad for å få kjøpt opp skogarealet på 52 daa på Kolbotten markert i mørk lilla på situasjonskartet. Dette med formål å snarast mogleg kunne utvikle dette området til nye næringstomter i industriområdet på Lalm.

Pkt. 8:

HOKO

- Det skal løne seg å være støttekontakt. Grensa for kilometergodtgjersle (10 km i dag) blir fjerna. I planperioda blir det difor i driftsbudsjettet avsett kr. 30.000 pr. år.

- Vågå Kommune skal ha ein aktiv eldrepolitikk.
- Gratis halleige for barn og unge berre for Vågå Kommune sin ungdom.
- Auka satsing på kvardagsrehabilitering må startast nå.
- Prosjektet Vaken og Vågal skal evaluerast i 2018 før vidareføring.

Pkt. 9:

Investeringspresentasjon

IKT-investeringar "Vaken og vågal

Ein ynskjer ei evaluering av IKT som ein del av "Vaken og Vågal i Vågå".

Vi ser at fleire og fleire går over til tenestekjøp og rettar dette mot innbyggjartenester.

Avsett investering på kr. 500 000 i 2018 og 2019 blir difor teken ut.

Pkt. 10:

Forprosjekt ENØK-tiltak

Avsette midlar i økonomiplan for 2018, kr. 250.000, blir teken ut. Det skal i staden utarbeidast ei Enøkplan for Vågå Kommune innan hausten 2017. Arbeidet skal løysast innanfor tildelt rame. Ny vurdering i budsjettsamanhang skal gjerast i samband med budsjett for 2018 forutsett at ein undersøker moglegheita for å søkje eksterne tilskotsordningar.

Pkt. 11:

ATV brann

Investeringa blir utsett i påvente av ei heilheitleg behovsanalyse for den kommunale maskinparken.

Pkt. 12:

Kommunale vegar

Avsette midlar, 2,5 millionar i 2020 blir teken ut då ein ynskjer ei evaluering i 2019. Avsett sum blir auka med kr. 500.000 for 2017 i tråd med vedtak i økonomiplan for 2016 – 2019.

Pkt. 13:

Lastebil utearbeid, Tankbil (70% brann/30% VA), Liten traktor uteareal

Avsette midlar i 2018 og 2019 blir teken ut. Før investeringane blir vurdert op nytt i samband med økonomiplanperioda 2018 – 2021 ynskjer ein å få gjennomført ei behovsanalyse på den kommunale maskinparken. Det bør og undersøkjast om noko av behova kan dekkjast gjennom støtteordningar frå NAV med tanke på tiltak innanfor sysselsetjing i kommunal regi.

Pkt. 14:

Skillevegg Vågåhallen

Avsette midlar i 2018, kr. 150.000, blir framskunda til 2017.

Pkt. 15:

Solskjerming ungdomsskulen

Avsette midlar i 2018, kr. 150.000, blir framskunda til 2017

Pkt. 16:

Gang- og sykkelbru over Finna

Det blir avsett 3 millonar kroner i 2017 til etablering av gang- og sykkelbru over Finna. Ny bru skal stå ferdig innan utgangen av 2017.


Pkt. 17:

Utbyte frå Eidefoss

Det blir i planperioda lagt inn eit årleg utbyte frå Eidefoss på 1,8 millionar kroner.

Investeringsbudsjett						
			2017	2018	2019	2020
Prosjekt (brutto kostnad):						
Rådmann						
Regiondata			249			
Kommunalsjef 1						
IKT-investeringar "Vaken og vågal"			500			
Kommunalsjef 2						
Prosjekt helse og omsorg			2 000			
Forprosjekt ENØK-tiltak						
ATV brann			-			
Forprosjekt symjehall			250			
Opparbeiding Moajordet			1 800			
Oljeutskiller brannstasjon			150			
Kommunale vegar			2 500	2 500	2 500	
Kontor Ullinsvin			5 000			
Gemini			150			
VA Langskåre			2 500			
Fortykker slam			600			
Lastebil utearbeid						
Tankbil (70% brann/30% VA)						
Solskjerming ungdomsskulen			150			
Liten traktor uteareal						
Skillevegg Vågåhallen			150			
Forprosjekt Vanglandet			200			
Gang- og sykkelbru over Finna elv			3 000			
Sal av bustader			-4 000			
Andre investeringar						
Eigenkapitalinnskot KLP			1 020	1 020	1 020	1 020
Nye formidlingslån			3 000	3 000	3 000	3 000
Avdrag formidlingslån			900	900	900	900
Sum kommune			20 119	7 420	7 420	4 920

Kartutsnitt over Kolbotten



Forslag frå Bygdalista/Arbeiderpartiet – Drift og investering

Budsjettoppstilling Drift og Investering 2017 - 2020

TILTAK	D2017	D2018	D2019	D2020	I2017	I2018	I2019	I2020
1-10 Skule					200 000			
Aktivitetshus Beising	50 000							
Forprosjekt Symjehall					250 000			
Aktivitetshus Vindaug		0						
Sal av bustadar					-4 000 000			
Boligfond	0	0	0	0				
Profileringsarbeid	200 000	0						
Nettside Vågå Kommune - Reiseliv	50 000							
Munch	100 000							
Støttekontakt	30 000	30 000	30 000	30 000				
IKT Skule						-500 000	-500 000	
ENØK						-250 000		
ATV					-130 000			
Symjehall					250 000			
Vanglandet					200 000			
Kommunale vegar					500 000	2 500 000	2 500 000	-2 500 000
Lastebil						-200 000		
Tankbil							-2 500	

							000	
Mjølkekvoter	0							
Tømrahus Søre Grindstugu					0			
Biobrensel	0							
Skillevegg					150 000	-150 000		
Solskjerming					150 000	-150 000		
Ny Finnbru					3 000 000			
Eidefoss	-600 000	-1 800 000	-1 800 000					
	-20 000	0	0	-1 770 000	820 000	0	-3 000 000	-2 500 000
+ økte renter og avdrag	16 400	0	0	1 100 000				

Senterpartiets framlegg til budsjett i Vågå kommune

Pkt. 1:

Idrettsanlegg, forslag til vedtak:

2017: Kunstgrasbane	250.000
Klatrevegg	150.000
Rulleskianlegg	350.000
Sum	750.000

2018: Klatrevegg	200.000
Rulleskianlegg	350.000
Sum	550.000

650.000 tas av fond øremerket idrettsanlegg.

Tessand barnehage blir lagt ned frå sommaren 2017, Innsparing (5/12 av 1,7 mill) blir overført fond til tippemidler slik at forventna innsparing ved nedlegging av barnehage kan komme ulike nærmiljøtiltak i grendene til gode.

Pkt. 2:

Økte inntekter fra Eidefoss er usikre inntekter og bør ikke bindes opp til kommunal drift eller nødvendige investeringer i økonomiperioden. Midlene bør settes på fond som primært skal brukes til tilskudd til næringslivet (inkludert landbruket), organisert frivillighet og arrangement i kommunen. Tildeling skal skje fra fondets faktiske beholdning, og ikke forventet inntekt. **Forslag til vedtak: Det lages en fordelingsnøkkel på inntekt fra Eidefoss til ulike fond, 3/5 næring, 1/5 nærmiljøtiltaka i regi av organisert frivillighet, 1/5 til arrangement.**

Pkt. 3:

Sivilforsvaret stiller ATV kostnadsfritt til disposisjon, vi ser derfor ikke behov for en egen kommunal ATV. **Framlegg til vedtak: ATV blir trekt ut av investeringsbudsjettet.**

Pkt. 4:

Nedlegging av Vågå næringsselskap blir synliggjort som utgift og auka investeringsbehov i budsjettet. T.d. reinhold Artisti og utbygging av kjeller i Ullinsvin. Vågå kommune kan ikke subsidiere næring på denne måte, vi kan heller ikke undergrave det private utleiemarkedet i kommunen. Kommunens

utleievirksomhet må enten gå i balanse og være i tråd med det kommersielle utleiemarkedet, eller så må det være til særlig ideelle/allmennyttige formål. **Framlegg til vedtak: Vi ber om eit oversyn over utgifter, inntekter og investeringer i økonomiplanperioden før vi gjer vedtak om nye investeringer.**

Pkt. 5:

Investeringer i nye bygg og rehabilitering (helse, svømmehall, skole, Ullinsvin) må sees i sammenheng og følge en samlet plan for utvikling av Vågåmo med et attraktivt sentrum. Planene skal legge vekt på gjenbruk, sambruk og mulighet for medfinansiering (tippemidler, statlige tilskudd med mer), begrenset arealbruk, et kompakt sentrum med sammensatt tilbud, styrke kommunens miljø-profil og øke attraktiviteten. Før vi går videre med prosjektering vil vi ha til politisk drøfting realismen i ulike alternativer for svømmehall, helse-prosjektet og utvikling og bruk av eksisterende bygg i sentrum.

Forslag til vedtak: Vi ber om politiske prioriteringer og tydeligere bestilling av ulike utviklingsprosjekt og utredninger som sikrer en helhetlig vurdering og politiske veivalg før det begynner å påløpe kostnader i prosjektene nevnt i økonomiplan.

Pkt. 6:

Vi ønsker noen enkle overordnede prioriterte målformuleringer på de viktigste utfordringene kommunen står overfor:

Vekst i nye arbeidsplasser i prosent

Utvikling i turisme

Gjennomslag som kulturkommune, gjerne sett i sammenheng med Telemarksforskning sin kulturindeks

Klima/miljø

Forslag til vedtak: Vi ber rådmannen vurdere målformuleringer på punktene i henhold til den muligheten vi har for enkelt å dokumentere og følge måloppnåelsen.

Avstemming:

Avstemminga går føre seg punkt for punkt.

Forslag frå SP:

Pkt. 1: Forslaget vart nedstemt med 4 mot 3 røyster

Pkt. 2: Forslaget vart nedstemt med 4 mot 3 røyster

Pkt. 3: ATV blir stemt over under BL/AP sitt forslag

Pkt. 4: Det er ønskje om orientering om dette punktet i Kommunestyremøte 13. 12.16.

Pkt. 5: Nytt forslag – Omforeint framlegg: Sambruk som sikrar ei heilheitleg vurdering og politiske vegval for prosjekter nemnt i økonomiplan.

Pkt. 6: Endringsforslag – omforeint forslag: Vi ber rådmannen finne 4 målformuleringer på punktene i henhold til den muligheten vi har for enkelt å dokumentere og følge måloppnåelsen.

Forslag frå BL/AP:

Pkt. 1: Vedteke med 4 mot 3 røyster

Pkt. 2: Vedteke med 4 mot 3 røyster

Pkt. 3:

- Søre Grindstugu barnehage: Tillegg: Tømmerhus med stabbur: Samrøystes
- Aktivitetshuset: Samrøystes
- Egedomen Steinrådet 4 og 6 A-B: Samrøystes

Pkt. 4: Samrøystes med unnatak av siste punktet som vart vedteke med 4 mot 3 røyster

Pkt. 5: Samrøystes

Pkt. 6: Samrøystes

Pkt. 7: Samrøystes

Pkt. 8: Endringsforslag (omforeint): Gratis halleige for barn og ungdom i Vågå kommune skal

vidareførast: Samrøystes

- Pkt. 9: Samrøystes
- Pkt. 10: Samrøystes
- Pkt. 11: Samrøystes
- Pkt. 12: Samrøystes
- Pkt. 13: Samrøystes
- Pkt. 14: Samrøystes
- Pkt. 15: Samrøystes
- Pkt. 16: Samrøystes
- Pkt. 17: Samrøystes

Rådmannens innstilling:

- Pkt. 1: Kommunestyret blir endra til Formannskapet: Samrøystes
- Pkt. 2: Samrøystes
- Pkt. 3: Samrøystes
- Pkt. 4: Samrøystes
- Pkt. 5: Samrøystes

Formannskapetets framlegg:

1. Framlegg til økonomiplan for perioda 2017-2020 blir godkjent med dei endringane som kjem fram i Formannskapetets si handsaming.
2. Fyrste året i økonomiplanen for perioden 2017-2020 blir vedteken som årsbudsjett for drift og investeringar for Vågå kommune for året 2017, jfr. Budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B.
3. Ombudsløn blir sett til kr. 620 338 (2% auke), jfr. Reglement for frikjøp, godtgjersle med meir for kommunale ombud, sak 20/04 vedteke 04.05.04, pkt. 1.0, sak 36/08 vedteke den 24.06.08 og revidert 14.05.2013, sak 30/13.
4. Godtgjersle til ordføraren blir sett til 84% av stortingsrepresentantløn (kr. 906 928 pr. 01.05.2016) – kr. 761 820.
5. Marginavsetning for skatt i skattereknskapen er framleis 11%, jf. K-43/05 frå 18.10.05.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.12.2016

Behandling:

Avstemming på Senterpartiet sitt framlegg punkt for punkt:

Pkt. 1: Idrettsanlegg. Framlegget nedstemt med 11 mot 6 stemmer.

Pkt. 2: Inntekter frå A/S Eidefoss. Framlegget nedstemt med 10 mot 7 stemmer.

Pkt. 3 og 4 ingen endring frå Formannskapet si handsaming.

Pkt. 5: Investering i nye bygg og rehabilitering. Nytt framlegg frå Mette Vårdal med presisering:

Før ein går vidare med utredning og igangsetting av nye byggeprosjekt ber vi rådmannen komme med eit enkelt oversyn over dei bygningane vi no har til tenesteyting (inkludering symjehall, skule, barnehage, kulturskule, bibliotek og ungdomssklubb), kva for plassbehov tenesteleiarane ser og kva for tidsperspektiv det er på renoveringsbehov og levetid på bygga.

Vi reknar med at det same er gjort innafor det store helse-prosjektet som er sett i gang, og at resultatane kan sjåast i samanheng før ein prioriterer igangsetting av investeringar.

Framlegget samrøystes vedteke.

Avstemming på Arbeiderpartiet/Bygdelista sitt framlegg punkt for punkt:

Pkt. 1: Galleri Krogvold. Vedteke med 11 mot 6 stemmer.

Pkt. 2: 1-10 skule i Vågåmo. Vedteke med 10 mot 7 stemmer.

Pkt. 3: Kommunale eigedomar. Samrøystes vedteke.

Pkt. 4: Kultur og reiselivskommuna Vågå. Samrøystes vedteke kulepunkt 1-3. Kulepunkt 4 vedteke med 11 mot 6 stemmer.

Pkt. 5 til 17 samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Framlegg til økonomiplan for perioda 2017-2020 blir godkjent med dei endringane som kjem fram i kommunestyret si handsaming.
2. Fyrste året i økonomiplanen for perioden 2017-2020 blir vedteken som årsbudsjett for drift og investeringar for Vågå kommune for året 2017, jfr. Budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B.
3. Ombudsløn blir sett til kr. 620 338 (2% auke), jfr. Reglement for frikjøp, godtgjersle med meir for kommunale ombud, sak 20/04 vedteke 04.05.04, pkt. 1.0, sak 36/08 vedteke den 24.06.08 og revidert 14.05.2013, sak 30/13.
4. Godtgjersle til ordføraren blir sett til 84% av stortingsrepresentantløn (kr. 906 928 pr. 01.05.2016) – kr. 761 820.
5. Marginavsetning for skatt i skatterekneskapen er framleis 11%, jf. K-43/05 frå 18.10.05.

Innhald

1.0	INNLEIING.....	5
2.0	SAMANDRAG AV ØKONOMISKE NØKKELTAL.....	8
2.0.1	Budsjettskjema 1A og 1B.....	8
2.1	Frie inntekter.....	9
2.2	Netto driftsramme blir fordelt slik i økonomiplanperioden:.....	9
2.3	Investeringer.....	10
2.3.1	Budsjettskjema 2A og 2B.....	10
2.3.2	Investeringar i økonomiplanperioda:.....	11
2.3.2.1	Kommentarar til Investeringsbudsjettet.....	11
2.4	Finansiering av investeringene.....	13
2.5	Eigedomskatt.....	13
3.0	STATUS.....	14
3.1	Økonomi.....	14
3.1.1	Handlingsregler for Vågå kommune.....	14
3.1.2	Oversikt over netto driftsresultat og netto driftsresultat korrigert for MVA-kompensasjon frå investeringar, premieavvik og bundne fond dei tre siste åra:.....	15
3.1.3	Inntekter og utgifter.....	15
3.1.4	Lånegjeld.....	15
3.1.5	Rekneskapsføring av pensjon.....	15
3.1.5.1	Rekneskapsføring av pensjon SPK.....	16
3.1.5.2	Rekneskapsføring av pensjon KLP.....	16
3.1.6	Konsekvensjustert budsjett og handlingsrom.....	16
3.1.7	Korrigert netto driftsresultat.....	17
3.1.8	Utvikling av lånegjeld.....	17
3.1.9	Demografi.....	17
3.1.10	Helsetilstanden i befolkninga.....	18
3.1.11	Likestilling.....	18
3.1.12	Integrering.....	18
3.1.13	Beredskap.....	19
4.0	TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN.....	19
4.1	Planoppgåver.....	19
5.0	KONSEKVENSAK KNYTTA TIL ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLANPERIODA.....	20
5.1	Innsparingstiltak.....	20
5.1.2	Kommentarar til innsparingstiltak:.....	20

5.2 Tiltak som aukar driftsutgiftene	21
6.0 Mål	21
6.1 Hovudutfordringar i økonomiplanperioden	21
6.1.1 Skape forståing for at aktiviteten i tenesteytinga er tilpassa budsjettamma	21
6.1.2 Netto driftsresultat – auka handlefridom	21
6.1.3 Vidareføring av omstillinga innan helse og omsorg	22
6.1.4 Forbetre integreringsarbeidet av busette flyktningar.....	22
6.1.5 Sikre fokus på førebyggjande arbeid gjennom samarbeid på tvers av faggrenser.....	22
6.1.6 Leggje til rette for positiv samfunnsutvikling/stabilisere folketalet.....	22
6.1.7 Leggje til rette for frilviljug innsats som supplement til det offentlege hjelpeapparatet....	23
6.1.8 Gje tydeleg og rett informasjon ut til kommunen sine innbyggjarar	23
6.1.9 Fokus på nærværarbeid	23
6.1.10 Rekruttere og behalde kompetanse	24
7. Resultat og kvalitetsmål	24
7.1 Måleområder.....	25
7.2 Overordna styringskart for tenestestadane.....	25
7.2.1 Sentraladministrasjonen.....	25
7.2.2 Fellestenester	26
7.2.3 Barnehage	26
7.2.4 Grunnskule	27
7.2.5 Kultur.....	27
7.2.6 Helsetenester	28
7.2.7 Heimebaserte Tenester	28
7.2.7.1 TFFH (PU).....	28
7.2.7.2 Heimetenesta	29
7.2.8 Vågåheimen.....	29
7.2.9 NAV.....	30
7.2.10 Tekniske Tenester.....	31
7.2.11 Landbrukskontoret	31
7.2.12 Skatteoppkrevjar	31
8.0 KORLEIS SKAL VI NÅ MÅLA ?.....	32
8.1 Gjennomføring av brukar- og medarbeidarundersøkingar.....	32
9.0 RESSURSBRUK	33
9.1 Prioritering	33
9.2 Dekningsgrad.....	34
9.3 Produktivitet.....	34

10.0 Kostrastatistikk	35
10.1 Sentraladministrasjonen.....	35
Administrasjon og politisk styring:	35
10.2 Fellestenester	36
10.3 Barnehage	36
10.4 Grunnskule	36
10.5 Kultur.....	37
10.6 Helsetenester	37
10.7 Heimebaserte tenester.....	37
10.8 Vågåheimen.....	38
10.9 NAV.....	38
10.10 Tekniske Tenester.....	39
10.11 Landbrukskontoret	39
10.12 Skatteoppkrevjar	39

ØKONOMIPLAN 2017 - 2020

1.0 INNLEIING

Administrasjonen har arbeidd med å endre noko av sjølve formatet for økonomiplanen. Det har vore mykje tekst og meir omtale av tenesteytinga enn sjølve dei økonomiske premissene. Vi har søkt råd for korleis vi skulle byggje opp ei ny økonomiplan. Vi har fått råd om å leggje større vekt på dei økonomiske dimensjonane, leggje inn målekart for kvar tenestestad og vise ei samanliknande Kostramstilling. For dykk som les Kommunal Rapport og studerer siste sida, vil sjå at kvar veke er det ein kommune sin økonomiplan som blir vurdert. Innspela frå desse vurderingane har vi brukt i revisjonsarbeidet.

Kommunestyret skal ein gong i året vedta ei rullering av økonomiplan. Den skal omfatte minst dei fire neste budsjettåra. Økonomiplanen skal omfatte heile kommunen sin verksemd. Den skal gje ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventna utgifter og prioriterte oppgåver i økonomiplanperioden. Kvart av åra i økonomiplanen må vere i balanse.

Kommunestyret skal innan årsskifte vedta eit budsjett for komande kalenderår. Det er eit krav at årsbudsjettet skal vere i balanse. Budsjettet skal omfatte heile kommunen sin verksemd, vere realistisk, og er ei bindande plan for kommunen sin tilgang på midlar og bruken av desse i budsjettåret.

I tillegg til drift i eigen regi, inkluderer Vågå kommune sitt budsjett og kommunen sine utgifter til drift som skjer i regi av andre. Dette gjeld interkommunalt samarbeid etter § 27 i kommuneloven og anna interkommunalt samarbeid.

Fyrste året i økonomiplanen er årsbudsjett for 2017. Økonomiplanen blir revidert i tråd med dei føresetnader og vedtak som er gjort/blir gjort. Åra 2018 – 2020 blir justert i hht. årsbudsjettet for 2017. Økonomiplanen er utarbeidd i faste 2017-kroner. Dette inneber at inntekter og/eller utgifter som er faste i planperioden, for eksempel avdrag på lån, sannsynleg vil ha mindre verdi i 2019 enn i 2016.

I Vågå har vi vald å behandle økonomiplanen og komande års budsjett samstundes.

Kommunen sin viktigaste oppgåve er levering av tenester til innbyggerane. Kva for tenester kommunen leverer blir bestemt i stor grad av nasjonale prioriteringar. Kommunen sin oppgåve blir å dimensjonere tenestetilbodet ut frå innbyggerane sine behov og ut frå kommunen sin økonomiske rame. Hovudutfordringa er å tilpasse tenesteproduksjonen til kommunen sine stramme økonomiske ramer. Kommuneøkonomien er generelt nokså stram. Samstundes blir det skapt forventningar til kommunane om at dei kommunale oppgåvene skal løysast på ein god måte. Kommunesektoren opplever eit stort forventningspress. Også for Vågå kommune er den økonomiske situasjonen stadig vorte strammare – sett ut frå dei oppgåvene som skal løysast. Både for budsjettåret 2017 og for økonomiplanperioden er det ein stram økonomi for Vågå kommune. Dette betyr at det fortsatt er naudsynt med endringar i drifta. Her er det viktig at vi tenkjer endringar med varige verknader. Kortsiktige løysingar gjer at det stadig blir vanskeligare å drifte innanfor dei økonomiske ramene kommunen rår over.

Regjeringa la om noko på inntektssystemet til kommunane for 2017. Dette førde til at kommunen fekk ca. 300 000 kroner mindre i rametilskot. Det er viktig å ikkje gløyme at i rametilskotet ligg det 900 000 kroner i øymerka tilskot (kan ikkje bruke dei fritt).

I tillegg fekk vi 4,2 millionar kroner meir i skjønnstilskot (det er viktig å ha med seg at dette tilskotet er gjeve for eitt år om gongen).

Vidare så har vi teke ned utbytte frå Eidefoss frå 6,8 millionar kroner til 1,2 millionar kroner for 2017, og dei to neste åra i økonomiplanperioden har vi null ut utbytte i tråd med vedtak i styret.

På slutten av det administrative budsjettarbeidet fekk vi eigedomsskattelistingene for kraftverk. Dette fekk og konsekvensar for kommunane. Vågå tapte ca. 1,5 millionar kroner i eigedomsskatt. Endringane er overraskande fordi det ville ikkje gjere noko utslag på statsbudsjettet om kommunane hadde fått behalde beløpet.

I tillegg til dette var innslagspunktet for ressurskrevjande brukarar på nytt heva. Vågå kommune har forholdsvis mange brukarar i kategorien for "ressurskrevjande tenester". Gjennom ei refusjonsordning er staten med på å dekkje ein del av kommunen sine utgifter her. Kommunane opplever imidlertid at denne refusjonsordninga stadig blir dårlegare, slik at kommunane må dekkje ein større del av utgiftene knytt til disse tenestene. Dette fører til at nettoutgifter for disse tenestene aukar også for Vågå. Det er difor gledeleg å sjå at fylkesmannen har sett dette og gjeve oss kompensasjon gjennom skjønsmidlane.

I tillegg til utgifter knytt direkte til drift/levering av tenester, aukar kommunen sine samla utgifter til pensjonsordninga. Dette gjeld spesielt kostnader knytt til tidligare års premieavvik.

Det er all grunn til å sjå noko lengre enn berre neste budsjettår. I år kjem vi i hamn på ein måte som gjer at innbyggjarane framleis skal kunne få gode kommunale tenester. Men det er signaler som gjer at presset mot kommuneøkonomien ikkje avtek. Kva som vidare vil skje med rametilskotsmodellen veit vi ikkje, samstundes er det kamp om konsesjonskraft, eigedomsskatt m.m.

Vi har og fleire usikre ting internt i kommunen. Pr. dato jobber vi med Helse- og omsorgsprosjektet. Dette blir ei stor og krevjande investering og den kan berre forsvarast ved at vi greier å ta ned tenestekostnadane tilsvarande som finansutgiftene vi dreg på oss. Det er viktig å ta med seg at den støtteordninga vi har i dag frå Husbanken med tanke på utbygging av institusjonsplassar vil bli teke bort frå 2021. Etter dette må kommunane dekkje alle kostnader sjølv.

Den største pågåande endringa i Vågå er omstillinga innan pleie og omsorg. Denne omstillinga har sin bakgrunn i at Vågå kommune har større utgifter knytt til denne sektoren enn kva samanliknbare kommunar har. I vedteke økonomiplan er det forventningar om at pleie- og omsorgssektoren skal kunne levere sine tenester til en lågare nettoutgift enn kva vi gjer i dag.

Administrasjonen vil orientere formannskap/kommunestyret om prosjektet for så å leggje fram ei sak over nyttår. Dette er grunnen for at vi ikkje har lagt inn kostnader til bygging i økonomiplanen.

Vi har og urovekkjande signaler på tilstanden på symjebassenget. Vi har fått driftsløyve ut skuleåret, men det er faresignal som gjer at vi må ta ein fornya gjennomgang av bygget.

Elles så jobbar prosjektgruppa vidare med planane om å realisere eit galleri i Ullinsvin. Den fyrste tida framover blir prioritert å få inn eksterne samarbeidsparter. Vi jobbar også vidare med å få ferdig kjellaren i Ullinsvin slik at Kulturarven får betre lokale og at Gudbrandsdalsmusea blir lokalisert til Ullinsvin.

Årlege låneopptak som er større enn det som årleg blir innbetalt til tidlegare låneopptak, fører til at kommunen sine samla utgifter til renter og avdrag på lån aukar. Om vi ser bort frå eit mogleg utbyggingsprosjekt innan Helse- og Omsorg, bør Vågå investere mindre årleg enn det vi betaler i renter og avdrag.

Dei tre fyrste åra i denne økonomiplanperioden er spesiell på grunn av Nedre-Otta utbyggingen. Denne utbygginga fører til at utbytte frå Eidefoss går ned frå 6,8 millionar kroner til 0 i 2018-2019, medan det for 2017 er 1,2 millionar kroner. Ut frå dette inntektsbortfallet har vi budsjettert med eit lågare netto driftsresultat enn det handlingsregelen tilseier.

Vågå kommune har liten eller ingen økonomisk handlefridom. Slik situasjonen er nå, må einkvar ny utfordring løysast innanfor dei ramene vi har. Det betyr at nye behov/nye oppgåver må løysast ved omprioriteringar. Med så stramme økonomiske ramer som Vågå kommune har, vil ei omprioritering (til nye oppgåver) bety at noko av det vi gjer i dag må reduserast/kuttast. Sjølv utan nye utfordringar som må løysast, er det naudsynt å fortsetje å jobbe med endringar som bidreg til utgiftsreduksjonar.

Vi har lagt inn ei vurdering om barnehagestrukturen i økonomiplanperioden. Dette gjer vi for å halde på kvaliteten på tenestene i staden for å halde fast ved strukturar. Det kan og kome på tale å leggje fram forslag på å vurdere grunnskulestrukturen, sjølv om vi ikkje har konkretisert dette i økonomiplanforslaget.

Det er særst viktig å gjere alt vi kan for å halde innbyggjartalet i Vågå oppe. Vi taper store summar på rametilskotet når dette går ned. Eit klart prioritert mål for heile organisasjonen og det politiske nivået er å framstå attraktive for nyetablerarar og tilflyttarar. Vi må og innsjå at ein offensiv mottakspolitikk av flyktingar og asylsøkjjarar er eit godt tiltak for å halde folketalet oppe, samstundes som flyktingane er ein viktig ressurs i lokalsamfunnet.

Tross ein del negative økonomiske signal frå Storting og Regjering, så leverer Vågå kommune gode tenester til sine innbyggjarar. Vi blir stadig meir effektive og rasjonelle og dette har mykje årsak i at vi har høgt kompetente og positive tilsette som er motoren i organisasjonen.

Vågå 23.10.2016

Ådne Bakke, rådmann

2.0 SAMANDRAG AV ØKONOMISKE NØKKELTAL

2.0.1 Budsjettskjema 1A og 1B

Kommunestyret skal en gang i året vedta økonomiplan, jamfør kommuneloven §44. Kommunestyret skal sjølv vedta driftsbudsjettet sett opp i henhold til budsjettskjema 1A. Budsjettvedtaket skal gje ei nettoløyving pr rameområde i driftsbudsjettet, også kalla budsjettskjema 1B. Rameområda er samansett av fleire tenesteområde.

BUDSJETTSKJEMA 1A - DRIFT	2017
Skatt på inntekt og formue	-75 038
Ordinært rammetilskot	-145 804
Skatt på eigedom	-13 548
Andre direkte eller indir. skatter	-780
Andre generelle statstilskot	-1 100
Sum frie disponible inntekter	-236 270
Renteinntekter og utbytte	-6 587
Renteutgifter og andre finansutgifter	7 400
Avdrag på lån	15 600
Nto finansinnt./utg.	16 413
Til dekn av tidl. reknesk.m. meirforbruk	0
Til ubundne avsetningar	100
Til bundne avsetningar	780
Bruk av tidl reknesk.m. mindreforbruk	0
Bruk av ubundne avsetningar	0
Bruk av bundne avsetningar	0
Overført til investeringsbudsjettet	0
Til fordeling drift	-218 977
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	223 099

BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT	2017
Rådmann	60 424
Kommunalsjef 1	116 364
Kommunalsjef 2	32 614
Interkommunale samarbeid	13 697
Sum fordelt til drift	223 099
Sum fordelt til drift, jf skjema 1A	-218 977
Differanse	4 122

Differansen skuldast:

Sal kon.skraft, ikkje i 1A og ikkje fordelt i 1B	-1 600
Avskr. sjølvkost, ikkje i 1A og ikkje fordelt i 1B	-2 522
Sum avviksforklaringar	-4 122

Differanse etter avviksforklaringar	0
--	----------

*Bruk/avsetning til fond, samt overføring til investeringsbudsjettet som ikkje framgår i skjema 1A er fordelt i rammer i skjema 1B.

2.1 Frie inntekter

	2017	2018	2019	2010
Sum frie disponible inntekter	237 090	237 942	238 442	238 942

2.2 Netto driftsramme blir fordelt slik i økonomiplanperioden:

Område rådmann	60 424	61 487	62 561	63 010
Fellestenester	6 322	6 272	6 272	6 272
Kultur	7 319	7 291	7 361	7 291
Næring	1 879	1 755	1 755	1 755
Sektoradministrasjon	10 729	11 994	12 998	13 517
Tildelingskontor	1 883	1 883	1 883	1 883
Vågåheimen	32 292	32 292	32 292	32 292
Område kommunalsjef 1	116 364	115 764	115 054	115 054
Barnehage	14 067	13 467	12 100	12 100
Heimebaserte tenester	42 106	42 106	42 106	42 106
Helsetenester	11 548	11 548	11 548	11 548
Barnehage og grunnskulens fellesskap	8 989	8 989	9 756	9 756
Lalm skule	5 717	5 717	5 717	5 717
Vågåmo skule	17 851	17 851	17 851	17 851
Vågå ungdomsskule	16 086	16 086	15 976	15 976
Område kommunasjef 2	32 614	32 184	32 184	32 184
Landbrukskontor	2 012	2 012	2 012	2 012
NAV	3 892	3 892	3 892	3 892
Skattekontor	596	596	596	596
Tekniske tenester	26 114	25 684	25 684	25 684
Interkommunale samarbeid	13 697	13 697	13 697	13 697
Finansutgifter	13 991	14 810	14 946	14 997

2.3 Investeringer

2.3.1 Budsjettskjema 2A og 2B

Kommunestyret skal sjølv vedta investeringsbudsjettet sett opp i henhold til budsjettskjema 2A.

Budsjettvedtaket skal gje ei bruttoløyving pr rameområdet, også kalle budsjettskjema 2B.

Rameområda er samansett av fleire prosjekt, jamfør detaljert investeringsbudsjett.

BUDSJETTSKJEMA 2A - INVESTERING	2017
Investeringar i anleggsmidlar	19 399
Utlån og forskotteringar	4 020
Avdrag på lån	900
Avsetningar	0
Årets finansieringsbehov	24 319
Finansiert slik:	
Bruk av lånemidlar	-17 599
Inntekter frå sal av driftsmidlar	-4 000
Tilskot til investeringar	-800
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-900
Andre inntekter	0
Sum ekstern finansiering	-23 299
Overført frå driftsbudsjettet	-1 020
Bruk av avsetningar	0
Sum finansiering	-24 319
Udekket/udisponert	0

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERING	2017
Rådmann	249
Kommunalsjef 1	700
Kommunalsjef 2	18 450
Sum fordelt til rammeomr. investeringar	19 399
Andre investeringsutgifter enn nybygg/nyanlegg (Startlån, EK-innskott KLP)	4 920
Sum brutto investeringsbudsjett	24 319

2.3.2 Investeringar i økonomiplanperioda:

	2017	2018	2019	2020
Rådmann				
Regiondata	249			
Kommunalsjef 1				
IKT-investeringar "Vaken og vågal"	500			
Prosjekt 1-10 skule	200			
Kommunalsjef 2				
Prosjekt helse og omsorg	2 000			
Forprosjekt symjehall	250			
Opparbeiding Moajordet	1 800			
Oljeutskiller brannstasjon	150			
Kommunale vegar	2 500	2 500	2 500	
Kontor Ullinsvin	5 000			
Gemini	150			
VA Langskåre	2 500			
Fortykker slam	600			
Solskjerming ungdomsskulen	150			
Skillevegg Vågåhallen	150			
Forprosjekt Vanglandet	200			
Gang og sykkelbru over Finna	3 000			
Andre investeringar				
Eigenkapitalinnskott KLP	1 020	1 020	1 020	1 020
Nye formidlingslån	3 000	3 000	3 000	3 000
Avdrag formidlingslån	900	900	900	900
Sum kommune	24 319	7 420	7 420	4 920

2.3.2.1 Kommenterar til investeringsbudsjettet

Regiondata:

Den største utgiften knyter seg til oppgradering på serverfarmen. Utover dette er det blant anna Svar Ut/Svar ut, Visma samhandling arkiv, Visma WS Inkasso og Ekstern Print.

IKT i skulen:

Satsinga på IKT i skulen gjennom infrastruktur, kjøp av elev og- lærarmaskiner, elektroniske tavlar mm, har no halde fram i 5 år. Investeringane bør no evaluerast for å sjå kva slags behov det er framover. Mykje av utgiftene til drift av læringsplattform, lisensar og kompetanseheving skal nå implementerast i skulane. Det er bestilt en statusrapport frå prosjektet som skal leggst fram for politikarane våren 2017. Investeringane i IKT ligg inne fram til 2018.

Prosjekt Helse og Omsorg:

Utgifta knyter seg til å få ferdig skisseprogrammet.

Forprosjekt ENØK-tiltak (2018):

Her er det sett av 250' i 2018. Midlane skal nyttast til å prosjektere prioriterte Enøk-tiltak i kommunen, og prioritering av rekkefølge for realisering. Dette for å få maksimal effekt av tiltaka.

ATV Brann:

Brannvesenet har fram til i år kunne nytte seg av ATV som Røde kors har eigd. Røde kors har i 2016 selt sin ATV, og brannvesenet har ikkje lengre tilgang på nødvendig kjøretøy. For å oppretthalde beredskapen med omsyn på skogbrann etc. er det for 2017 sett av midlar for å investere i ein ATV.

Skisseprogram Symjehall:

Symjehallen i Vågå er i ei slik forfatning at den må stengjast våren 2017. Det er difor sett av midlar for å sjå på korleis kommunen skal løyse utfordringane.

Opparbeiding Moajordet:

Dette er slutføring av prosjektet som vart sett i gang i 2016.

Oljeutskiljar brannstasjon:

Det er eit lovkrav å ha oljeutskiljar i vaskehallar etc. Det er difor avsett midlar i 2017 til dette formålet.

Kommunale vegar:

Dette er midlar som skal nyttast til forskjellige vegprosjekt jfr hovudplan som er under utarbeiding.

Kontor Ullinsvin:

Det er utarbeidd eit skisseforslag på korleis kontor Ullinsvin kan løysast. Det 5 000 000 for å realisere prosjektet.

Gemini:

Innkjøp av kartverktøy som er spesialtilpassa drift- og vedlikehald av VA-nettet i kommunar.

VA Langskåret:

VA anlegget som ligg i vegebana. Veggen her er så dårleg at VA-leidningane må skiftast ut før ein utbetrar vegen.

Fortykker slam:

Fortykker slam skal nyttast til å behandle slam før dette blir sendt til mottak i Sel. Vi betaler for tonnet, og ved å behandle slammet med ein fortykkar så vil vi kunne levere mindre mengde slam da vi tek ut meste delen av vatnet sjølve med ei slik behandling.

Lastebil utearbeid:

Lastebilen som uteavdelinga nyttar er meir enn moden for utskifting, og det er difor lagt inn midlar til innkjøp av ny brukt lastebil.

Tankbil:

Tankbilen som kommunen har er frå 1999 og har gått om lag 1 000 000 km. Skal vi oppretthalde beredskapen i kommunen trengs det å investere i ny tankbil.

Solskjerming ungdomsskolen:

Utskifting av eksisterande og defekt solskjerming.

Liten traktor uteareal:

For å effektivisere driftsoppgåver, og unngå kostbar innleige av eksterne entreprenørar.

Skiljevegg Vågåhallen:

Det er sett opp kr. 150 000 i 2018. Kapasiteten i hallen er sprengt og rådmannen vil sjå an om det går å finansiere tiltaket når vi legg fram årsrekneskapet.

2.4 Finansiering av investeringene

	2017	2018	2019	2020
Bruk av investeringslån (eks.sjølvkost)	11 349	2 500	2 500	
Bruk av investeringslån sjølvkostinvesteringar	3 250			
Sal av Steinrådet 4 og 6 A/B	4 000			
Bruk av startlån (vidareutlån)	3 000	3 000	3 000	3 000
Motekne avdrag utlån	900	900	900	900
Overført frå driftsbudsjettet	1 020	1 020	1 020	1 020
Statstilskot	800			
Sum finansiering	24 319	7 420	7 420	4 920

2.5 Egedomskatt

Vågå kommune utvida frå og med 01.01.2014 egedomskatten til å gjelde heile kommunen, der det tidlegare berre var kravd egedomskatt for bustader i sentrumsområde (Vågåmo). Dei seinare åra har promillesatsen vore 4,3 promille av egedomskattegrunnlaget, med eit botnfrådrag på 100.000. For budsjettåret 2017 er egedomskatt frå kraftverk redusert med kr. 1,5 mill. Egedomskattegrunnlag for kraftverk er fastsett av staten.

	2015	2016	2017
Inntekter frå egedomsskatt	14 974	15 100	13 548

2.6 Nærings- og landbruksfond

Etter drøfting i formannskapet (FS 69/16) presiserast avsetjingane slik:

Tilskot frå Oppland fylkeskommune og inntekter frå konsesjonsavgift er bundne midlar som må nyttast til næringsformål. I 2017 er dette budsjettert til kr 449' frå Oppland fylkeskommune, kr 780' frå konsesjonsavgift, i tillegg kjem renter av fondsmidlar på kr 45'.

Kommunestyret har i tillegg vedteke at landbruksfond skal styrkast med kr 150' og næringsfond med kr 500'. Dette er frie midlar, og blir avsett til disposisjonsfond.

Total avsetjing til landbruksfond i 2017: 250'

Total avsetjing til næringsfond i 2017: 1.674'

3.0 STATUS

3.1 Økonomi

Vågå la fram årsrekneskap både i 2014 og 2015 med eit mindreforbruk. Ideelt skulle kommunen ha avsett mindreforbruket til disposisjonsfond. Vi hadde imidlertid tiltak som måtte finansierast over drift og derfor valde vi å bruke av mindreforbruket til å dekke desse kostnadene (Gjendeosenprosjektet, avtale med Lemonsjøen, avtale med Løypelaget m.m.).

I framtida med store utfordringar er det særskilt viktig at vi klarer å setje av eit eventuelt mindreforbruk på disposisjonsfondet.

3.1.1 Handlingsregler for Vågå kommune

I 2013, i forarbeidet til økonomiplanen for 2014 – 2017, vart det utarbeidd tre handlingsreglar for økonomistyringa i Vågå kommune.

1. Netto driftsresultat skal årleg budsjetterast til minimum 3% av brutto driftsinntekter.
2. Disposisjonsfond skal utgjere minimum 8 % av brutto driftsinntekter i løpet av økonomiplanperioden.
3. Lånegjeld skal utgjere maksimalt 100 % av brutto driftsinntekter i løpet av økonomiplanperioden.

Netto driftsresultat er eit av dei viktigaste måltala for kommunal økonomi. Det viser forholdet mellom inntekter og kostnader, og med dette korleis drifta i kommunen går i balanse. Talet blir reelt når ein tek bort tal som ikkje representerer reelle inntekter. I tillegg må ein ta omsyn til premieavvik frå pensjonar, mva-kompensasjon frå investeringar (fram til 01.01.2014) og inntekter til bundne avsetningar. Det ein da står att med er korrigert netto driftsresultat.

Ein del ting har vorte endra sidan 2013. Etter at rekneskapsforskriftene vart endre slik at momskompensasjonen skulle overførast investeringar og ikkje som tidlegare drift, bestemte Teknisk Beregningsutvalg at eit akseptabelt og tilrådd nivå på netto driftsresultat skulle liggje på 1,75%.

Vågå har allereie langt på veg nådd målet om eit disposisjonsfond på 8% av brutto driftsinntekter. Det ville vere meir naturleg å setje dette til 12% med tanke på behovet for reserver på grunn av høg lånegjeld.

Handlingsregelen om gjeld er noko uklar og kanskje noko misvisande. Rådmannen vil tilrå at dette spesifiserast noko meir.

Rådmannen vil tilrå ei omformulering av handlingsreglane slik:

1. **Korrigert netto driftsresultat skal årleg budsjetterast til minimum 1,75% av brutto driftsinntekter.**
2. **Disposisjonsfond skal utgjere minimum 12% av brutto driftsinntekter ved utgangen av økonomiplanperioden.**
3. **Lånegjeld, med fråtrekk av vidareutlån og lån til sjølkostområde, skal utgjere maksimalt 81% av brutto driftsinntekter.**

3.1.2 Oversikt over netto driftsresultat og netto driftsresultat korrigert for MVA-kompensasjon frå investeringar, premieavvik og bundne fond dei tre siste åra:

	2013	2014	2015
Netto driftsresultat (- = positivt resultat)	-7 184	-3 770	-23 334
MVA-kompensasjon for investeringar*	6 938	-	-
Premieavvik	1 575	6 461	-1 056
Attendeført premieavvik	-1 690	-1 847	-2 770
Avsetning til bundne fond	3 030	3 851	20 473
Bruk av bundne fond	-7 733	-4 133	-3 743
Korrigert netto driftsresultat	-5 064	562	-10 430
Brutto driftsinntekter	-318 398	-311 905	-337 806
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	2,3 %	1,2 %	6,9 %
Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,6 %	-0,2 %	3,1 %

*Rekneskapsreglane vart endra frå og med 2014 slik at MVA kompensasjon på investeringar ikkje lenger påverkar netto driftsresultat.

3.1.3 Inntekter og utgifter

I perioden frå 2013 til 2016 auka kommunen sine driftsinntekter med 15,4 mill kroner (5,3%). I same periode auka driftsutgiftene med 22,3 mill kroner (7,8%).

For 2017 er brutto driftsinntekter budsjettert med 318,2 mill kroner, frie inntekter utgjør 237,1 mill kroner.

Dei viktigaste ramane for kommunen sitt budsjett blir fastsett i statsbudsjettet gjennom tildeling av rametilskot. I tillegg inngår kommunen sin skatteinntekt, eigedomsskatt og integreringstilskot i beløpet "frie inntekter". Desse inntektene kan vi disponere fritt innanfor ramen av lover og regelverk og gjev rom for lokal tilpassing.

Andre inntekter er:

Øyremerka tilskot må brukast i tråd med formålet som er gjeve for løyvinga.

Gebyrinntekt er kommunale avgifter og eigenbetaling for tenester som kommunen yter.

3.1.4 Lånegjeld

	Vågå 2015	Oppland 2015	Norge 2015
Netto lånegjeld pr. innbyggjar *	75 187	53 175	59 368

* SSB/KOSTRA: A1. Konsern - Finansielle nøkkeltall og adm., styring og fellesutg

3.1.5 Rekneskapsføring av pensjon

Summen av medlemsinnskot (arbeidstakar sin del) og den delen arbeidsgjevar skal betale av lønsutbetalingane tilsvarer den totale pensjonspremien som kommunen betaler til pensjonsforsikringselskapa for det aktuelle året.

I driftsrekneskapet blir det imidlertid utgiftsført det beløpet som pensjonsforsikrings-selskapene reknar ut (ut fra langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering) som årets pensjonskostnad for Vågå. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og utrekna pensjonskostnad blir kalla **premieavvik** og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsregnskapet og i balansen.

Etter reglar i Forskrift om årsregnskap og årsberetning for kommuner, er det gjeve moglegheit til at forskjellen mellom innbetalt premie og utrekna kostnad – i perioden 2003 til 2010 – skal kunne førast i rekneskapet over dei neste 15 år. Frå og med 2011 er regelen endra slik at premieavvik som oppstår frå og med 2011 kan førast i rekneskapet over dei neste 10 år. Frå 2015 skal premieavvik rekneskapsførast over 7 år. I driftsbudsjettet for 2017 er det budsjettert å attendeføre (utgiftsføre)

premieavvik med 2,471 mill kroner (KLP 2666', SPK -195'). Dette er i hht. utrekningar frå pensjonsselskapa.

For Vågå har vi gjennom dei åra vi har hatt denne ordninga betalt meir i premie enn kva som har vore utrekna som pensjonskostnad. Pr 31.12.15 er forskjellen mellom innbetalt premie og utgiftsført pensjonskostnad på 16,7 mill kroner (+ arbeidsgjevaravgift på dette). På grunn av at det er den berekna kostnaden, og ikkje det vi faktisk har betalt som blir ført i rekneskapet, har dette over år gjeve eit positivt premieavvik. Eit positivt premieavvik blir inntektsført i driftsrekneskapet det året premieavviket oppstår, og ført i balansen som "fordring" på pensjonsordninga. I dei påfølgjande hhv. 15, 10 og 7 åra må akkumulert premieavvik kostnadsførast i driftsrekneskapet.

3.1.5.1 Rekneskapsføring av pensjon SPK

År	Premieavvik	Attendeført	Attstående
2008	-459	-25	-212
2009	140	5	-67
2010	259	-4	187
2011	-705	-21	-539
2012	-717	49	-1 207
2013	-960	121	-2 046
2014	-495	217	-2 324
2015	433	287	-1 603

3.1.5.2 Rekneskapsføring av pensjon KLP

År	Premieavvik	Attendeført	Attstående
2008	2 989	-636	9 941
2009	2 018	-835	9 324
2010	1 531	-850	10 005
2011	332	-952	9 385
2012	7 240	-985	15 640
2013	2 440	-1 709	16 371
2014	6 567	-1 953	20 984
2015	-1 426	-2 891	16 667

Netto framtidig forpliktelse premieavvik	15 064
Disposisjonsfond pensjon pr 27.10.2016	6 929

3.1.6 Konsekvensjustert budsjett og handlingsrom

Skal vedtatt drift pr 2016 vidareførast i økonomiplanperioden må det bli sett i gang ytterlegare reduksjonstiltak frå 2017 og ikkje minst frå 2018 og 2019.

Bruker vi Kostra-data til å samanlikne driftsutgiftene med landsgjennomsnittet og gjennomsnittet for Oppland, ser vi at på fleire tenesteområder har Vågå større driftsutgifter enn for eksempel landsgjennomsnittet, og da særleg innan Helse og Omsorg.. Eit driftsnivå på same nivå som landsgjennomsnittet på utvalde områder, ville gjeve oss lågare driftsutgifter.

3.1.7 Korrigert netto driftsresultat

	Reknesk.	Reknesk.	Budsj.	Ø.plan	Ø.plan	Ø.plan	Ø.plan
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Netto driftsresultat	-3770	-23334	-5016	-6720	-8550	-9447	-10073
Premieavvik	6461	-1056	7038	7038	7038	7038	7038
Attendeført premieavvik	-1847	-2770	-2497	-2497	-2497	-2497	-2497
Avsetning til bundne fond	3851	20473	1755	1378	1378	1378	1378
Bruk av bundne fond	-4133	-3743	-2601	-1743	-1743	-1743	-1743
Korrigert driftsresultat	562	-10430	-1321	-2544	-4374	-5271	-5897
Brutto driftsinntekter	-311905	-337806	-306322	-318233	-318 877	-319 050	-319 550
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,20 %	6,90 %	1,6 %	2,1 %	2,7 %	3,0 %	3,2 %
Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	-0,20 %	3,10 %	0,4 %	0,8 %	1,4 %	1,7 %	1,8 %

3.1.8 Utvikling av lånegjeld

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Lånegjeld pr. 01.01	342 962	342 117	344 600	344 013	346 012	335 912	325 812
Nye lån	14 254	19 439	14 527	17 599	5 500	5 500	3 000
Avdrag	15 099	16 956	15 114	15 600	15 600	15 600	15 600
Lånegjeld pr. 31.12	342 117	344 600	344 013	346 012	335 912	325 812	313 212
Utlån	63 260	64 440	60 440	61 440	62 440	63 440	64 440
Ubrukte lånemidler	5 824	5 688	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000
Netto lånegjeld	273 033	274 472	277 573	278 572	267 472	256 372	242 772
Innbyggjarar	3 686	3 664	3 651	3 651	3 651	3 651	3 651
Lånegjeld pr. innbyggjar	74 073	74 910	76 027	76 300	73 260	70 220	66 495

3.1.9 Demografi

0515 Vågå	2015	2020	2025	2030	2040
0 år	31	32	32	31	29
1–5 år	198	164	168	164	156
6–12 år	275	277	252	246	240
13–15 år	136	127	133	108	111
16–19 år	189	186	168	170	151
20–44 år	985	959	937	930	916
45–66 år	1 100	1 084	1 062	1 021	987
67–79 år	498	552	589	582	577
80–89 år	206	190	219	276	303
90 år eller eldre	36	51	42	48	78

Folketalsutviklinga er særst viktig både i forhold til samfunnsutviklinga og til dei økonomiske overføringane frå staten.

Vi ser ein markant attendegang for innbyggjarane i aldersgruppa 0-19 år. Samstundes ser vi at antal innbyggjarar i yrkesaktiv alder (20-66 år) går sterkt attende. Dette er den gruppa som skal skape vekst og utvikling og leggje til grunn økonomien for å vidareføre velferdsordninga framover. Dette blir særleg alvorleg når ein ser at gruppa over 67 år veks mykje. Dette betyr at stadig færre skal finansiere velferdsordningane for å ei stadig større gruppe. Utfordringane våre er å drive godt folkehelsearbeid og førebyggjande arbeid slik at dei eldre innbyggjarane ikkje blir så kostnadskevande i framtida.

3.1.10 Helsetilstanden i befolkninga

Vågå kommune skal vera eit Trygt lokalsamfunn, med fokus på førebygging av skader og ulykker. Folkehelsearbeidet skal gjera ein innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte påverkar innbyggjarane si helse og trivsel, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, samt arbeide for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa. Gjennom ny folkehelselov er kommunen pålagt å drive helseovervaking, samt følgje med på negative og positive faktorar som kan verke inn. Særleg merksame skal vi vera på utviklingstrekk som kan skape eller oppretthalde sosiale helseforskjellar.

Psykiske lidingar og plager er den vanlegaste årsaka til å bli ufør, og dette er ei utfordring. Manglande sosial støtte, einsemd, stigmatisering, mobbing og vald er noko som må bli teke på alvor. Tiltak som bidreg til inkludering generelt og integrering av innvandrarakar, flyktningar og andre tilflyttarakar er viktig å prioritere i kommunen. Gode møteplassar og høve for kollektiv transport kan bidra til å auke deltaking i aktivitetar og gjennom det, sosial støtte. Tilrettelegging av lågterskeltilbod for barn, ungdom og familiar innan fysisk aktivitet og friluftsliv er viktige tiltak. Dette fordi ein av utfordringane Vågå kommune har blant innbyggjarane er manglande fysisk aktivitet, dårleg kosthald og lite søvn, noko som i neste rekkje kan gje livsstilsjukdommar. Ei anna utfordring er fråfall i vidaregåande skule. Personar som ikkje har fullført vidaregåande skule har i gjennomsnitt lågare inntekt, høgare arbeidsledighet, dårlegare helse og nyttar seg oftare av offentlege stønader enn dei som har fullført. Det må til eit systematisk og godt førebyggjande samarbeid mellom helsestasjon, barnehage og skule. Sist, men ikkje minst, for at kommunen skal bli attraktiv for folk å bu i, trengs det arbeidsplassar. Å skape arbeidsplassar som sikrar mangfald, fleksibilitet og inkludering blir vurdert som viktig i folkehelsearbeidet i kommunen.

3.1.11 Likestilling

Kvinner utgjer om lag 82% av dei tilsette i kommunen, det er fleire kvinner enn menn som har deltidsstillingar. I kommune-Norge inkludert Vågå, blir det arbeid for å redusere uønskt deltid og få innarbeidd ein heiltidskultur. Det er eit mål å rekruttere fleire mannlege medarbeidarar i kvinnedominerte yrker og jamne ut lønnsforskjellane der det er naturleg ut i frå funksjon og kompetanse.

Kommunen har i sine retningslinjer for nyrekruttering følgjande føring: «Vågå kommune er opptekne av mangfald og oppmodar kvalifiserte kandidatar å søkje uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, etnisitet eller nasjonal bakgrunn. Minimum ein minoritetsspråkleg blir kalla inn til intervju dersom han/ho er kvalifisert for stillinga.»

Med dette vil vi vise at kommunen ønskjer å vere open og inkluderande både i høve etnisitet og funksjonsnivå.

3.1.12 Integrering

Samfunnsoppdraget er at flyktningar og innvandrarakar skal bli sosialt, økonomisk og kulturelt integrert. Integrering er ein kontinuerleg prosess og handlar om positivt samspel mellom innvandrarakar, lokalsamfunn og offentlig sektor. Det er lønsamt for samfunnet at flest moglege flyktningar og innvandrarakar får lov til å jobbe og å ta del i fellesskapet.

Kultur og idrett har ansvar for å leggje til rette for kultur- og fritidstilbod for alle innbyggjarane inkludert også flyktningar og innvandrarakar. Vågå kommune ynskjer at alle nyinnflytta til Vågå skal ta del i kultur- og fritidsaktivitetar. Det er rom for alle som ynskjer å vere med. Nokre tilbod er organisert av Vågå kommune, lag/ foreiningar, organisasjonar og kulturinstitusjonar. Flyktningar og innvandrarakar er hjarteleg velkomne til å ta del i dei ulike aktivitetane.

Som lokale tiltak kan bl.a. nemnast HotPot som har vorte populært både blant flyktningar og lokalbefolkninga.

Som ein sentral del i integreringsarbeidet er språkopplæring sentral. Vaksenopplæringa er ansvarleg for dette arbeidet med mål for auge at elvane skal få så stor språkforståing at språket ikkje er ei hindring for å kome seg ut i arbeidslivet.

Dette er grunnlaget for at Vågå tek del i eit prosjekt, saman med Sel og Nordre-Land for å byggje system og strukturar som gjer at flyktningane kjem seg fortare ut i arbeidslivet.

3.1.13 Beredskap

Kommunane utgjer fundamentet i samfunnet sin kriseberedskap ut frå prinsippet om at alle kriser skal handterast på lågast mogleg nivå. Kommunane har beredskapsplikt jfr. Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret og pliktar å utarbeide risiko- og sårbarheitsanalyse.

Risiko- og sårbarheitsanalysen kartlegg kva uønskte hendingar som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynlegheit for at hendingane kan kome til å skje og konsekvensar av desse. Det skal vurderast førebyggjande tiltak for å hindre at uønskte hendingar skjer og konskevnsreduserande tiltak om / når slike hendingar skjer.

Vågå kommune har overordna beredskapsplan som inneheld ei oversikt over kva tiltak kommunen har førebudd for å handtere uønskte hendingar. Beredskapsplanen blir jamnleg oppdatert og kommunen gjennomfører beredskapsøving i tråd med Fylkesmannen sitt oppsett. Ut over dette har vi årleg møte i Beredskapsrådet og i den kommunale kriseleiinga.

I Vågå kommune har vi risiko- og sårbarheitsanalyser (interkommunal ROS) og overordna kommunal beredskapsplan. I tillegg til overordna planer, så har vi sektorielle kriseplaner.

4.0 TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN

4.1 Planoppgåver

I politisk vedteken kommunal planstrategi for planperioden 2016 – 2020 er det vist til revisjonsbehov for reguleringsplanane for sentrale delar av Vågåmo (reguleringsplan for Vågåmo Aust, reguleringsplan for Vågåmo Aust inkl. industriområdet) og også for Lalm. Alle desse planane er gamle, og revisjonsarbeidet vil vere omfattande. Planstrategien legg opp til at kommunen i denne planperioden skal starte prosessar med revisjon av reguleringsplan. Ved planrevisjon skal mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel følgjast opp og planarbeidet skal skje i samsvar med føringar i kommuneplanens arealdel. Fokus på stadutvikling vil vere viktig i sentrumsområda i Vågåmo.

Kommuneplanens arealdel er venta sluttbehandla og godkjent i 2017. Godkjenning av arealdelen vil opne opp for oppstart av private reguleringsplanprosessar for nye utbyggingsområde, og ein må vente at dette krev administrative ressursar for oppfølging av planprosessane.

Det er behov for midlar for kjøp av tenester i samband med kommunen sitt arbeid med revisjon av reguleringsplanar.

Det er behov for midlar for i samband med stadutviklingsarbeid. Dette kan t.d. dreie seg om kjøp av tenester for analyser m.v.

5.0 KONSEKVENSAAR KNYTTA TIL ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLANPERIODA

5.1 Innsparingstiltak

Tiltak med større innsparingar i økonomiplanperioden, utgangspunkt er opprinneleg budsjett 2016:

Tiltak	2017	2018	2019	2020
Redusert stilling merkantil helse	305	610	610	610
Reduserte stillingar heimebaserte tenester	1600	1600	1600	1600
Redusert tilskot private barnehager (pga færre unger)	850	850	80	80
Auka tilskot ressurskrevjande brukarar	2000	2000	2000	2000
Reduserte stillingar barnehage	350	350	350	350
Auka inntekter sal av konsesjonskraft	500	500	500	500
Redusert stilling reinhald	250	250	250	250
Barnehagestruktur		600	1950	1950
Innsparingar ENØK tiltak		320	320	320
Auka integreringstilskot	450	450	450	450

5.1.2 Kommenterar til innsparingstiltak:

Vi har også denne gongen prøvd å skjerme tenesteytinga så langt det har vore mogleg. I tillegg har vi hatt fokus på å auke inntektane.

Stillinga knytt opp mot merkantil innan helse er kutta frå august i 2017. Årsaka er at vi ikkje har greidd å utnytte merkantil innan heimebaserte tenester og helse godt nok, slik vi organiserer arbeidsoppgåvene i dag. I tillegg sit personen vi har i dag med unik kompetanse som likevel må overførast til andre i organisasjonen. Vi ønskjer difor å nytte budsjettåret 2017 for å definere klåre arbeidsoppgåver slik at den skal fungere etter intensjonen om å bidra til å effektivisere drifta og avlaste avdelingsleiarar og tenesteleiarar. Arbeidsoppgåver som ligg til stillinga i dag som; oppfølging av lærlingar og lege/fysioterapiavtalar overførast til henholdsvis tenesteleiar for Fellestenester og opplæringskontoret i Nord-Gudbrandsdal.

Nedbemanning frå heimebaserte tenester skuldast nedgang i talet på brukarar og ønskje om meir effektiv drift. Ein må innan alle område rekne med å tilpasse drifta etter det til stadig gjeldande behov. Tilbod er i stor grad knytt opp mot vedtak, og når brukarane flyttar må også ressursane følgje med eller reduserast. Elles må vi og rekne med at noko av dagens ressursar som er knytt opp mot Teneste for funksjonshemma overførast til heimetenesta og rehabiliteringsavdelinga gjennom året. Det er viktig at vi kan kutte kostnadar knytt opp mot korttids plassar ved NGLMS og kjøp av plassar i nabokommunane våre.

Nedgang innan barnehageområdet skuldast nedgang på barnetal og får difor ingen konsekvensar for drifta slik ho ligg i dag. Det er viktig å merke seg at noko av innsparingane i økonomiplanen handlar om barnehagestruktur. Vi har i dag overdekning på barnehageplassar og søknaden til Tessand barnehage er liten. Det vil ikkje vere økonomisk berekraftig og oppretthalde alle våre kommunale barnehagar i planperioden. Desse tiltaka er lagt inn frå 2018.

Redusert reinhaldsstilling har ikkje nokon konsekvens for tenesteytinga.

5.2 Tiltak som aukar driftsutgiftene

Tiltak med større auke i økonomiplanperioden, utgangspunkt er opprinneleg budsjett 2016:

Tiltak	2017	2018	2019	2020
Redusert brukarbetaling langtidsopphald Vågåheimen	750	750	750	750
Kjøp av korttidsplasser andre kommuner (utenom LMS)	500	500	500	500
Redusert brukarbetaling barnehager	350	350	300	300
Auka stillingar grunnskule	350	350	350	350
Redusert eigedomsskatt kraftverk	1500	1000	500	0
Redusert utbytte Eidefoss	5000	5000	5000	5000
Auka utgifter interkommunale samarbeid	1550	1550	1550	1550
Profilering av Vågå kommune	200			
Nettside Vågå reiseliv	50			
Munch – kunsten og livet	100			
Beising av aktivitetshuset	50			
Støttekontakter, km.godtgjersle	30	30	30	30

6. 0 Mål

6.1 Hovudutfordringar i økonomiplanperioden

6.1.1 Skape forståing for at aktiviteten i tenesteytinga er tilpassa budsjetttramma

Resultatet for 2015 viser at drifta dei fleste av tenesteeiningane held seg innanfor det som er planlagt/budsjettert.

Men det er viktig å sjå at kommunane for utvida sin oppgåveportefølje utan at dette blir fullt ut økonomiske kompensert frå staten. I tillegg ligg det utfordringar som kommunen må løyse for å oppretthalde økonomien og omfanget av tenesteproduksjonen. Ikkje minst er talet på innbyggjarar viktig saman med attraktivitet og nyetableringar innan næringslivet.

Vi veit at det er store forventningar til kommunane og særleg i ei kommune som Vågå som over tiår har levert gode tenester, mykje på grunn av flinke tilsette og god økonomi.

Når økonomien blir stramma til, er det særskilt viktig å ha ein god dialog med innbyggjarane og dei tilsette om at fleire ting må løysast innanfor ein svakare kommuneøkonomi.

Det må jobbast med haldningar, motivere til nytenking og skape ein organisasjonskultur der alle tek ansvar for å bidra til å tilpasse drifta til vedtekne økonomiske ramer. Samla sett må det vere et mål å sørge for at det blir skapt mest mogleg velferd for pengane som blir brukt til drift.

Det vil alltid vere krevjande å jobbe med endringar og justere ned forventningar. Vi har likevel eit godt utgangspunkt, gjennom at vi på dei fleste områda leverer gode tenester.

6.1.2 Netto driftsresultat – auka handlefridom

Kommunal- og regionaldepartementet legg til grunn at kommunane bør budsjettere med eit netto driftsresultat som svarar til 1,75 prosent av driftsinntektene. For Vågå vil dette seie at netto driftsresultat bør vere på nesten 6 millionar kroner. Gjennom denne økonomiplanen vil netto driftsresultat vere positivt, men ligge under tilrådd nivå.. Dette gjev ei viss fondsavsetning for kvart av åra. Gjennom fondsavsetningar vil kommunen byggje opp ein økonomisk buffer som kan møte framtidige uføresette behov, premieavvik eller nyttast som eigenandel i investeringsprosjekt, samstundes som det er med på å sikrar kommunen mot ei renteauke – noko som er særskilt viktig

dersom vi realiserer Helse- og omsorgsprosjektet. Dette gjev kommunen eit større økonomisk handlingsrom.

6.1.3 Vidareføring av omstillinga innan helse og omsorg

I budsjettet 2014 og i økonomiplan 2015 – 2018 vart det vedteke at utgiftene til pleie og omsorg skulle reduserast. Dette arbeidet må vi halde fram med sjølv om vi har måtte gjort nokre endringar undervegs. Vi kan ikkje sitje og vente på Helse- og omsorgsprosjektet, sjølv om det er her dei største rasjonaliseringsgevinstane kjem. Vi må fortsetje arbeidet med kvardagsrehabilitering og førebyggjande arbeid og tidleg intervensjon.

Vågå ligg totalt sett veldig høgt på utgifter til sektoren. Dette heng saman med fragmenterte tenester og ikkje nok fokus på førebygging gjennom heimebaserte tenester.

6.1.4 Forbetre integreringsarbeidet av busette flyktningar

Altfor få av flyktningane kjem seg ut i arbeid innanfor dei fyrste tre åra. Dette inneber utfordringar for kommunane. Fylkesmannen i Oppland inviterte Vågå, Sel og Nordre-Land, saman med IMDI, UDI, NAV, Fylkeskommunen og Høgskulen på Lillehammer til å delta i eit prosjekt som har som mål å finne fram til nye tiltak som skal gjere integreringsarbeidet i kommunane betre og ikkje minst at flyktningane skal kome seg fortare ut i arbeid. Ordførar og rådmann deltek i styringsgruppa på fylkesnivå og lokalt er det etablert ei prosjektgruppe. Rådmannen har store forventningar til arbeidet.

6.1.5 Sikre fokus på førebyggjande arbeid gjennom samarbeid på tvers av faggrenser.

Vågå kommune har vedteke ei handlingsplan for folkehelseiltak.

Vi har eit godt regionalt samarbeid om folkehelse og vi har eit godt planverk. Folkehelse handlar om alle våre innbyggjarar – store som små, ung som gamal.

Vågå kommune har allereie eit samarbeid med privat aktør gjennom etablering av treningscenteret, og vi har inngått samarbeid mellom Lemonsjøen og grunnskulen.

I tillegg er det viktig at vi legg opp til meir målretta førebyggjande tiltak for våre eldre innbyggjarar.

I dag har vi ein organisasjon som skal ivareta heilskaperet og ikkje vere så sektororientert. Dette er ein føresetnad for at vi skal greie å arbeide på tvers av faggrupper og sektorar.

God samhandling på tvers av fagområder/einingar er avgjerande i førebyggjande arbeid generelt og i forhold til ulike brukargrupper.

6.1.6 Leggje til rette for positiv samfunnsutvikling/stabilisere folketalet

Vågå kommune har eit variert næringsliv, med landbruk og reiseliv som «spydspisser». Arbeidsløysa er framleis låg, og innlandet har vorte i liten grad råka av oljekrisa.

Vågå kommune arbeider med slutføringa av kommuneplanen. Dette planverket er særskild viktig og det er naudsynt å vere visjonær, innovativ og litt vågal når ein utarbeider slike planer. Vågå har eit stort vekstpotensiale innan reiseliv og det er ei utfordring å finne ein balansegang mellom utvikling og vern.

Landbruket er sentralt for Vågå. Difor er det viktig at kommunen er med på å stimulere yngre generasjonar til å ta over og samstundes vere ein medspelsaktør til å byggje opp attåttnæring slik at landbruket får fleire bein å stå på. Nye signaler om endring i konsesjonslovgevinga kan og vere ein trussel mot dei mange småbruka som Gudbrandsdalen har.

Det er nok ei oppfatning at kommunane kan spisse det strategiske og ikkje minst det utviklande/innovative arbeidet. Difor må Vågå finne rom for å etablere ei administrativ Strategi- og utviklingsgruppe. Vi veit at det allereie er etablert eit Næringsforum som har dette som hovudmål.

Det er viktig med ein god infrastruktur i kvar kommune. Vi må ha ein vegstandard gjennom Gudbrandsdalen som tek høgde for utfordringene til næringslivsaktørar og som og gjer at vi blir ei naturleg transportåre.

Folketalet i kommunen har gått ned mykje i løpet av 20 pr. Vi kan imidlertid sjå ei viss stabilisering, men folketalsvekst er ei av dei viktigaste oppgåvene i kommunen framover. Å stabilisere eller auke folketalet er viktig i forhold offentleg og privat tenestetilbod i kommunen, og i forhold til behovet offentleg og privat sektor har for arbeidskraft. Det er difor viktig at kommunen er meir aktiv i forhold til sine egne unge innbyggjarar for å marknadsføre kommunen som ein attraktiv og framtidig arbeids- og bokommune. Vi må vidare fornye profileringen av kommunen og gjere oss meir synlege overfor dei mange hyttefolka som gjestar kommunen vår.

6.1.7 Leggje til rette for frilviljug innsats som supplement til det offentlege hjelpeapparatet.

Det friviljuge arbeidet i Vågå står sterkt. Friviljugsentralen gjer ein formidabel jobb og det er mange ildsjeler som engasjerer seg i arbeidet. Vi har eit bra forsprang på mange kommunar og det er viktig at vi greier å engasjere både gamal og ung i dette arbeidet vidare framover.

Det friviljuge arbeidet vil stå enda meir sentralt i framtida. Nå høyrer vi frå Stortinget sin talarstol at det er store forventningar til det friviljuge arbeidet i landet. Utfordringane framover vil i større grad handle om aksept for at dei friviljuge i større grad går inn på arenaer som i dag er kommunale tenester. For å få til dette så handlar det om haldningsendringar og godt samarbeid.

6.1.8 Gje tydeleg og rett informasjon ut til kommunen sine innbyggjarar

Informasjon om kommunen sine tenester skal vere lett tilgjengeleg for brukarane. Kommunen sin heimeside skal vere lett å finne fram i. Alle einingane skal sjå til at informasjon om tenester, priser, skjema, telefonnummer og opningstider skal vere korrekt til ein kvar tid. Forventningane til dei kommunale tenestene er på fleire område høgare enn det som er mogleg å innfri. Tydeleg informasjon kan vere med på å justere forventningane.

Vi går vidare på den digitaliserte vegen. Digitalisering av tenester vil auke sterkt og dette krev god informasjon. Dette gjeld både digital informasjon og konvensjonell informasjon. Kommunen må og styrke informasjonsarbeidet i forhold til reiselivet og turistar. Stadig fleire bruker meir tid i vår kommune og dette er ein stor ressurs for alle i Vågå.

6.1.9 Fokus på nærværarbeid

Vågå kommune har for høgt sjukefråver. Vi har sett ned ei gruppe i samarbeid med NAV arbeidslivssenter for auke nærværarbeidet.

Eit sentralt punkt i dette arbeidet er å gjere oss meir fleksible og flinke til å leggje til rette for arbeidstakarar som i ei tidsavgrensa periode har redusert arbeidsevne. Samarbeidet med fastlegane må og styrkast og nærværarbeid skal vere tema på personalmøter.

Vågå har som målsetting og redusere både korttids- og langtidsfråver.

I målekarta til kvar einskild tenestestad kjem ambisjonane om redusert sjukefråver fram.

6.1.10 Rekruttere og behalde kompetanse

Kommunen sin kompetanseplan og rekruttering til ledige stillingar skal sikre at kommunen til kvar tid har naudsynt kompetanse. I tillegg til å ha oversikt over kva kommunen har behov for av kompetanse, er det naudsynt med ulike typar tiltak for å sikre at vi har denne kompetansen. Her er det naudsynt med økonomiske midler/tiltak til fagleg oppdatering og utvikling gjennom kurs og seminar, stipendordningar (til grunnutdanning og vidareutdanning).. I tillegg har Vågå kommune ambisjonar på lærlingeordninga. Vi har nå inngått samarbeid med Gudbrandsdal Læringskontor som fyrste kommune i Nord-dalen.

Det er viktig å behalde eldre kompetente arbeidstakarar. Vi er i ferd med å revidere nokre planer på personalområdet og Vågå vil aktivt arbeide for at folk som når aldersgrenser kan stå i jobb lenger under føresetnad at dei kan stå i ei ordinær stilling.

Erfaring viser at lokale tiltak har stor virkning både for å behalde og få inn ny kompetanse. Det er viktig å synleggjere kompetansebehovet vi har både på kort- og lang sikt for eigne ungdommar.

7. Resultat og kvalitetsmål

Vågå kommune står framfor store utfordringer. Kommunen er i ei kritisk sone med tanke på nedgang i antal innbyggjarar, samstundes blir konkurransen om arbeidskraft og kompetanse sterkare. I tillegg opplever vi ei innstramming i den kommunale økonomien, der vår handlefridom stadig blir marginalisert. Det er i ein slik situasjonen spesielt viktig å gjere val som sikrar at kommunen har fokus på dei rette sakene og at tenestene blir gjeve på ein brukarvennleg og effektiv måte.

Med dette som bakgrunn har Vågå kommune bestemt seg for å bruke Balansert Målstyring (BMS) for å ha fokus på fleire ting i resultatvurderinga enn økonomi. Kompleks kommunal tenesteyting set spesielle krav til styringssystemet.

Vågå kommune starta opp med eit styringssystem i 2008. Det vart utarbeidd mål for tenestene og det vart gjennomført medarbeidarundersøkingar. I det store og heile har det vore brukt målekart på overordna nivå og ikkje så mykje knytt opp mot kvar teneste. Fleire har jobba aktivt med målekart, medan andre ikkje har vore delaktig i dette arbeidet.

Balansert Målstyring er ein mykje brukt modell for verksemdstyring som blir brukt av omkring 50% av alle større private og offentlege verksemder i Europa og USA. Balansert Målstyring er ei metode for utvikling, kommunikasjon, visualisering og oppfylging av strategiar, mål og resultat.

Kjernen i Balansert resultatmåling er at det som skal gjerast betre må målast. Metoden hjelper organisasjonen å fokusere på dei viktigaste måleindikatorane. Måleindikatorane blir gruppert etter strategiske fokusområde som blir plassert under ulike perspektiv. Dei vanlegaste perspektivene som blir brukt er:

- Medarbeidarar/menneskelege ressursar
- Interne rutinar/læring/fornyning/utvikling
- Økonomi
- Brukarar
- Samfunnet

Vågå har teke opp at dette arbeidet og bygd på det gamle systemet og fått ein nokonlunde struktur på det. Frå 2017 vil kvar tenestestad ha eit målekart og vise korleis dei skal måle ynskja resultat.

I årsmeldinga vil vi lage ein rapport over måloppnåinga i samsvar med målekartet. Vi håper difor at resultatoppnåinga årleg vil bli eit tema på utvalsmøtene og.

Vi har laga ei oversikt over metodar for datainnsamling. Vi kan ikkje køyre medarbeidar- og brukarundersøkingar kvart år fordi dette vil føre til at mange familiar vil motta svært mange undersøkingar kvart år.

I datafangsten vil vi bruke Bedrekommune.no, samt tal frå GSI, IPLOS, Skuleporten og Kostra.

Det er viktig å ha med seg at dette ikkje er eit heilskapleg styringssystem som inkluderer kommuneplan, kommunedelplaner o.l., men er eit system som er knytt rigid mot tenesteyting, medarbeidarar, brukarar og økonomi.

7.1 Måleområder

For at eit styringssystem skal fungere, må arbeidet kjennast meningsfylt og det kan ikkje vere for arbeidskrevjande. Av den grunn har vi vald ut tre områder, sjølv om vi har ambisjonar om å utvide det noko. Men i fyrste omgang er det viktig å få med seg alle tenestestadane.

1. Brukarperspektivet – opplevd og målt kvalitet
2. Medarbeidarperspektivet – opplevd og målt kvalitet
3. Økonomi – målt kvalitet

7.2 Overordna styringskart for tenestestadane

7.2.1 Sentraladministrasjonen

MÅLEOMRÅDE	Res 2016	Mål 2017	Mål 2018	Mål 2019	Mål 2020
Netto auke folketal i %		0,1 %	0,1%	0,1%	0,1%
Busetnad av flyktningar		10	10	10	10
Arbeidsløyse i %		<2,8%	< 2,8%	< 2,7%	< 2,6%
Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter		1,75%	1,75%	1,75%	1,75%
Disposisjonsfond i % av sum driftsinntekter (FM si tilråding er 8%)		8%	9%	10%	12%
Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter		<81%	<81%	<81%	<81%
Avvik i samband med statlege tilsyn		<2	<2	<2	<2
Resultat for brukar		4,5	4,5	4,5	4,5
Tilfredsheit med informasjon		4,5	4,5	4,5	4,5
Fråvær i % - kommunen i heilskap		<5,8%	<5,7%	<5,6%	<5,4%
Netto arbeidsplassar		+3	+4	+4	+5
Auke i besøksturisme		+5%	+5%	+5%	+5%
Kultur – rangering på kommunebarometeret		>60	>50	>30	>20
Nye ladestasjonar i Vågå		1	1	1	1

7.2.2 Fellestenester

MÅLEOMRÅDE	STATUS	MÅL	
BRUKARPERSPEKTIVET	2016	2017	2018-21
1. I kva grad er du fornøgd med skranketenesta i Servicekontoret?	-	4,7	5
2. I kva grad er du fornøgd med informasjonen på kommunen sin heimeside?	-	4,7	5
3. Oppetida på IKT-systemene skal vere minst I hht driftsavtale dvs.*)	99,7	99,7	99,7
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET			
1. Nærvær i %	96,2	97	97
2. Er du fornøgd med standarden på arbeidslokalene?	-	5	5
3. I kva grad trur du brukarane er tilfredse med tenestene arbeidsplassen din yter?	5	5	5,2
4. I kva grad opplever du at din næraste leiar gjev deg attendemelding på den jobben du gjer?	-	4,5	5
ØKONOMI			
1. Prosentvis avvik mellom budsjett og rekneskap	-	0	0

7.2.3 Barnehage

MÅLEOMRÅDE	STATUS	MÅL	
BRUKARPERSPEKTIVET	2016	2017	2018-20
Trivsel for 4 og 5 åringane- barneintervju - kor mange oppgjer at dei har minst ein venn	Alle	Alle	Alle
Foreldre si oppfatning av barn sin trivsel		5,0	
Foreldre si oppleving av å bli møtt med respekt		5,0	
Foreldre si heilheitsvurdering av barnehagen		5,0	
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET			
Nærvær på arbeidsplassen		95%	96%
Samarbeid og trivsel med kollegar			5,2
Fagleg og personleg utvikling			4,5
Stoltheit over eigen arbeidsplass			5,3
ØKONOMI			
Ingen avvik i negativ retning		0	0

7.2.4 Grunnskule

MÅLEOMRÅDE	STATUS	MÅL	
BRUKARPERSPEKTIVET	2016	2017	2018-21
Opplevd kvalitet: Elevundersøkinga			
1. Motivasjon		4	4,2
2. Læringskultur		4	4,2
3. Trivsel		4	4,2
Foreldreundersøkinga			
4. Tilfredshet heim-skule		5	5
Målt kvalitet: 5. Fylkessnittet nasjonale prøver			
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET			
1. Nærvær i %		95	96
2. Samarbeid og trivsel på arbeidsplassen		5,1	5,3
3. I kva grad trur du brukarane er tilfredse med tenestene arbeidsplassen din yter?		4,8	5,0
4. Tilfredshet med nærmaste leiar		4,7	4,9
ØKONOMI			
1. Ikkje avvik i negativ retning		0	0

7.2.5 Kultur

MÅLEOMRÅDE	STATUS	MÅL	
BRUKARPERSPEKTIVET	2016	2017	2018-20
Totalt utlån v/ Vågå bibliotek skal vera på gjennomsnittet for Oppland	20500	21000	21000
Andel elevar som får eit kulturskuletilbod			
Minimum konsertar/lokal produksjonar/populære/framande uttrykk	8/3/3/2	10/4/4/2	10/4/4/2
Minimum kinokveldar med ein vaksen og ein barnefilm	34	34	34
Minst % av elevane skal ha nådd nivå A2 på avsluttande norskprøve skriftleg og muntleg	70%	70%	70%
Antal kveldar med ungdomsklubb i året	35	35	35
Medarbeidarperspektivet			
1. Nærvær i %			
2. Er du fornøgd med standarden på arbeidsplassen	-	4,5	4,9
3. I kva grad trur du brukarane er tilfreds med tenestene arbeidsplassen din yter ?	-	4,5	4,8
4. I kva grad opplever du at din næraste leiar gjev deg attendemelding på jobben du gjer ?	-	4,5	4,8
Økonomi			
Prosentvis avvik mellom budsjett og rekneskap		0	0

7.2.6 Helsetenester

MÅLEOMRÅDE	STATUS	MÅL	
BRUKARPERSPEKTIVET	2016	2017	2018-21
1. Ventetid på legetime		<14 dager	
2. Ventetid på fysioterapitime		<14 dager	
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET			
1. Samarbeid og trivsel på arbeidsplassen		5,0	5,0
2. Sjukefråver		<3,0%	<2,7%
ØKONOMI			
1. Netto driftsutgifter til kommunehelse pr. innbyggjar		Gj. I Oppl.	Gj. I Oppl.
2. Prosentvis avvik mellom budsjett og rekneskap		0	0

7.2.7 Heimebaserte Tenester

7.2.7.1 TFFH (PU)

MÅLEOMRÅDE	STATUS	MÅL	
BRUKARPERSPEKTIVET	2016	2017	2018-21
Fråver av tvang		91%	93-95%
Antal brukarar som oppnår avklarte mål		80%	85-94%
Registrerte avvik ift lovmessige krav	3	0	0
Brukarmedvirkning		4,5	4,6-5
Individuell plan		4,5	4,5-5
Respektfull behandling		4,5	4,7 – 5,1
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET			
1. Nærvær i %	91,1%	92,5%	93- 94%
2. Er du fornøgd med standarden på arbeidslokale	4,5	4,5	5,0
3. I kva grad trur du brukarane er tilfreds med tenestene arbeidsplassen din yter ?	3,5	4,0	4,5
4. I kva grad opplever du at din næraste leiar gjev deg attendemelding på jobben du gjer ?	4,5	4,7	4,8
ØKONOMI			
Prosentvis avvik mellom budsjett og rekneskap	0	0	0

7.2.7.2 Heimetenesta

MÅLEOMRÅDE	STATUS	MÅL	
BRUKARPERSPEKTIVET	2016	2017	2018-21
Registrerte avvik ift lovmessige krav		1	0
Brukarmedvirkning		4,5	4,7 – 5,1
Respektfull behandling		4,5	4,7 – 5,1
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET			
1. Nærvær i %	91,1%	92,5%	93- 94%
2. Er du fornøgd med standarden på arbeidslokalene	5,0	5,0	5,0
3. I kva grad trur du brukarane er tilfreds med tenestene arbeidsplassen din yter ?	5,0	5,1	5,3
4. I kva grad opplever du at din næraste leiar gjev deg attendemelding på jobben du gjer ?	4,5	4,7	4,8
ØKONOMI			
Prosentvis avvik mellom budsjett og rekneskap	0	0	0

7.2.8 Vågåheimen

MÅLEOMRÅDE	STATUS	MÅL	
BRUKARPERSPEKTIVET	2016	2017	2018-21
Trivsel		4,0	4,0
Ernæring		4,0	4,0
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET			
1. Nærvær i %		94%	94%
2. Samarbeid og trivsel med kollegaer	5,0	5,0	5,0
ØKONOMI			
Prosentvis avvik mellom budsjett og rekneskap	0	0	0

7.2.9 NAV

MÅLEOMRÅDE							
BRUKARPERSPEKTIVET							
ID	Navn	Prioritet	Siste periode			Hittil i år	
			Virkelig	Mål	Forrige måling	Snitt/Sum	Mål
B.12	Andel arbeidssøkere / brukere med nedsatt arbeidsevne med oppfølging siste 3 mnd.	Middels	0 %	100 %	#I/T	100 %	78 %
B.14	Andel graderte på 12 ukers tidspunkt	Middels	0 %	31 %	20 %	19 %	19 %
B.15	Andel arbeidssøkere med overgang til arbeid	Middels	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %
B.16	Andel personer med nedsatt arbeidsevne med overgang til arbeid	Middels	0 %	90 %	95 %	93 %	90 %
B.22	Andel virksomheter som har fått arbeidsmarkedsbistand fra NAV	Middels	0,0 %	28,4 %	6,7 %	17,5 %	22,6 %
B.23	Antall formidlinger	Middels	0,0	1,0	#I/T	1,0	0,8
B.40	Andel "Kontakt bruker" behandlet innen fristen	Middels	0 %	0 %	80 %	40 %	57 %
B.50	Andel gjennomførte dialogmøte 2 innen 26 uker (kun sykmeldte uten fritak)	Middels	0 %	Virkelig	Mål	Forrige	Snitt/sum
B.53	Andel arbeidssøkere med jobbmatch	Middels	0 %	25 %	48 %	67 %	52 %
B.76	Andel med nedsatt arbeidsevne 20-29 år med spesielt tilpasset innsatsbehov med godkjent plan	Middels	0 %	100 %	#I/T	100 %	78 %
B.101	Andel som har mottatt økonomisk sosialhjelp	Middels	0,0 %	90,6 %	85,0 %	83,3 %	90,5 %
B.102	Andel som er langtidsmottakere med økonomisk sosialhjelp som viktigste kilde til livsopphold	Middels	0,0 %	0,0 %	#I/T	0,0 %	33,3 %
B.103	Andel unge som har mottatt økonomisk sosialhjelp	Middels	0,0 %	19,6 %	30,0 %	18,6 %	20,5 %
B.104	Andel mottakere av økonomisk sosialhjelp med forsørgelsesplikt for barn under 18 år i husholdningen	Middels	0 %	67 %	48 %	60 %	59 %
B.151	Antall deltakere i kvalifiseringsprogram	Middels	0	1	1	1	1
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET							
M.1	Sykefravær for statlig ansatte (sum av legemeldt og egenmeldt fravær) (1 måned på etterskudd)	Middels	28,4%	6,7%	17,5%	22,6%	6,7%
ØKONOMI							
Ø.1	Faktisk forbruk hittil i år i % av budsjett hittil i år (Driftsøkonomi)	Middels	89,8%	95,0-100%	92,7%	89,8%	95,0-100%

7.2.10 Tekniske Tenester

MÅLEOMRÅDE	STATUS	MÅL	
BRUKARPERSPEKTIVET	2016	2017	2018-21
Vannprøvene skal vise tilfredsstillende resultat for alle vannverk når det gjeld e.colibakterier, fargetal og PH.	100%	100%	100%
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid byggesak i saker med 3 vekers frist målt i dagar.	12	15	15
I kor stor grad er brukarane nøgd med kvaliteten på reinhald?		>4,5	>4,5
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET			
11. Nærvær i %	98%	>96%	>96%
12. Samarbeid og trivsel på arbeidsplassen		>4,5	>4,5
13. Fråvær som følgje av skade på arbeidsplassen, målt i dagar. (HMS)	5	0	0
14. Opplive du at du får nok etterutdanning/kurs for å gjere ein god jobb på arbeidsfeltet ditt?		>3,5	>4
ØKONOMI			
15. Prosentvis avvik mellom budsjett og rekneskap		0	0

7.2.11 Landbrukskontoret

MÅLEOMRÅDE	STATUS	MÅL	
BRUKARPERSPEKTIVET	2016	2017	2018-21
1. Respektfull behandling		>4,5	>4,5
2. Brukartilfredsheit og service		>4,5	>4,5
3. Kvalitet på saksbehandling og fagleg rådgjeving		>4,5	>4,5
4. Informasjonen frå Landbrukskontoret		>4,5	>4,5
5. Landbruksvikartenesta generelt		>4,5	>4,5
6. Kvaliteten på arbeidet til landbruksvikarane		>4,5	>4,5
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET			
Nærvær i %		> 97	> 97
Fagleg og personleg utvikling (frå medarb.unders.)		> 4,2	> 4,2
Relasjon til næraste leiar		>4,5	>4,5
Samarbeid og trivsel med kolleger		>4,5	>4,5
ØKONOMI			
Prosentvis avvik mellom budsjett og rekneskap		0	0

7.2.12 Skatteoppkrevjar

MÅLEOMRÅDE	STATUS	MÅL	
BRUKARPERSPEKTIVET	2016	2017	2018-21
1. Skatterestansen skal vere: På nivå som i dag eller lågare (restskatt innbetalt i % pr.31.12 året etter utlegg av likning)	96,5%	96,5%	96,5%
2. Andel gjennomførte arbeidsgjevarkontrollar	5%	5%	5%
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET			
1. Nærvær i %	100%	100%	100%
2. Er du fornøgd med standarden på arbeidslokalene?	Ja	Som i dag	Som i dag
ØKONOMI			
Prosentvis avvik mellom budsjett og rekneskap		0	0

8.0 KORLEIS SKAL VI NÅ MÅLA ?

ÅRSHJUL 2017 (2018)?	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Juni	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Kostra-rapport.	X	X										
Iplos-rapportering	X											
Rekneskapsavsl.	X	X										
Kostraanalyse (1.v)			X									
Årsmelding		X	X									
Korrigering Kostra				X								
Resultatdialog			X	X								
Medarb.undersøk.					X							
Tertialrapport					X				X			
K-styret Årsmeld.						X						
Brukarundersøk.								X				
Kostraanalyse								X	X			
Oppstart Ø-Plan						X			X	X		
Medarbeidersamt									X	X		
Budsjettarb. Adm.								X	X	X		
Budsjettarb. Pol.						X				X	X	X

8.1 Gjennomføring av brukar- og medarbeidarundersøkinger

MU = Medarbeidarundersøking

BU = Brukarundersøking

Tenestestad	2017	2018	2019
Sentraladministrasjonen		MU	BU
Fellestenester	MU		BU
Barnehagane	BU	MU	
Vågåmo Skule	MU/BU		
Lalm Skule	MU		BU
Vågå Ungdomskule		MU/BU	
Kultur	MU	BU	
Vågåheimen	MU/BU		
Heimebaserte Tenester		MU/BU	
Helsetenester		MU	BU
NAV		BU	MU
Tekniske Tenester		MU	BU
Landbrukskontoret	MU		BU
Skatteoppkrevjar			MU/BU

9.0 RESSURSBRUK

9.1 Prioritering

Prioriteringsindikatorane seier noko om kor mykje av eigne pengar kommunen har brukt på einkilde tenestemråde. Ei teneste kan seiast å ha høg prioritet når kommunen bruker ein relativt stor del av sine ressursar på ei bestemt teneste.

Oversikt som viser fordeling av netto driftsutgifter pr. tenestemråde i % av totale netto driftsutgifter:

TENESTEOMRÅDE	Vågå 2013	Vågå 2014	Vågå 2015	Gruppe 2 2015	Oppland 2015
Administrasjon og styring	6,2	5,6	6,1	8,1	6,3
Barnehage	7,4	8,2	7,8	9,4	9,2
Grunnskule	16,3	17,2	17,6	18,9	18,9
Helse- og omsorg	38,3	40,6	38,6	33,5	34,1
Sosialteneste	3,4	3,6	3,4	3,0	4,1
Barnevern	1,2	1,2	1,1	2,8	3,0
Vatn og avlaup	5,5	5,5	5,2	5,1	5,9
Fysisk plan/natur/nærmil	1,5	1,5	1,6	1,6	1,5
Kultur	4,0	3,7	3,6	3,0	3,5
Kyrkje	0,8	0,8	0,9	1,1	0,9
Samferdsel	3,7	2,3	2,0	1,6	1,4
Næring	3,8	3,8	3,6	2,1	1,7
Brann- og ulykkesvern	1,4	1,4	1,3	1,4	1,5

Tabellen viser på kva måte netto driftsutgifter har utvikla seg innafor sektorane og intern fordeling hos oss sammenlikna med Oppland og gjennomsnittet i Kommunegruppe 2.

Det er ikkje dei store endringane mellom sektorane. Helse og Omsorg har gått ned noko (det er ein rapporteringsfeil i 2013).

Netto driftsutgifter fordelt på brukarar i målgruppa:

NDU = Netto driftsutgifter

MÅLGRUPPE	Vågå 2013	Vågå 2014	Vågå 2015	Gruppe 2 2015	Oppland 2015
NDU pr. innbyggjar 1-5 år, barnehage	101 295	111 451	110 353	127 966	127 181
NDU pr. innbyggjar 6-15 år, gr.skule	116 192	122 273	125 760	121 116	114 144
NDU kultursektoren pr. innbyggjar	2 839	2 763	2 678	2 064	2 075
NDU kommunehelse pr. innbyggjar	3 524	3 899	3 922	3 188	2 737
NDU sosiale tenester pr. innbyggjar	1 435	1 736	1 617	1 470	1 726
NDU barnevern pr. innbyggjar 0-17 år	5 037	5 395	4 874	9 458	9 264
NDU pleie/omsorg pr. innbyggjar	23 025	25 366	24 677	19 902	19 030
NDU pleie/omsorg pr. innbyggjar 67 +	115 786	124 292	118 967	109 178	106 664
NDU pleie/omsorg pr. innbyggjar 80 +	338 131	386 801	381 498	350 063	356 119
NDU adm. og styring pr. innbyggjar	4 662	4 313	686 *	6 379	4 321

Vi ser av tabellen at det er særleg helse og pleie/omsorg som Vågå bruker ganske mykje meir ressursar enn dei vi samanliknar oss med. Vi ligg noko over på grunnskule og.

Som ein kuriositet så ser det ut som vi ikkje bruker midler på administrasjon og politisk styring. Dette låge talet heng saman med at den statlege overføringa til breidbandutbygging er inntektsført på dette området – difor urett lågt tal. Det rette skal ligge på om lag 4 500.

9.2 Dekningsgrad

Ein dekningsgrad måler delen av målgruppa som er mottakar av tenesta. Om målgruppa er heterogen, kan den med fordel splittast opp slik at vi får separate dekningsgradar for ulike delar av målgruppa. Forskjellar i samla dekningsgradar mellom kommunar kan difor skuldast at målgruppa er ulikt samansett, i tillegg til at kommunane har ulike inntekter og utgiftsbehov og gjer ulike prioriteringar.

DEKNINGSGRAD	Vågå 2013	Vågå 2014	Vågå 2015	Gruppe 2 2015	Oppland 2015
Andel barn 1-5 år med barnehagepl.	88,0	90,3	91,4	90,2	90,9
Andel barn i kom.grunnskule 6-15 år	99,6	99,1	98,1	98,9	98,2
Andel elevar med spesialunderv.	3,1	3,1	3,9	8,9	7,5
Andel elevar 1-4 kl. med spes.underv.	2,0	3,9	3,3	6,2	4,6
Andel elevar 5-7 kl. med spes.underv.	6,6	5,9	3,4	10,2	8,8
Andel elevar 8-10 kl. med spes.underv	1,4	2,1	5,0	10,8	10,0
Andel barn med barnevernstiltak 1-17	3,9	2,6	3,4	-	5,4
Andel sosialhjelpmottakarar 20-66 år av innbyggjarar i same gruppe	3,9	4,8	4,7	-	-
Andel innbyggjarar 80+ i institusjon	85,2	78,4	77,4	74,5	70,8
Mottakarar av heimeteneste 0-66 år Pr. 1000 innbyggjarar	37	44	47	26	27
Mottakarar av heimeteneste 67-69 Pr. 1000 innbyggjarar	104	83	96	81	82
Mottakarar av heimeteneste 80 + Pr. 1000 innbyggjarar	343	365	376	373	347

Det er to ting å kommentere til tabellen over. Spesialundervisninga i grunnskulen i Vågå er låg. Det er all grunn til å kreditere dette forholdet. I tillegg ligg Vågå noko høgt i andelen 80 år + som er på institusjon.

9.3 Produktivitet

Produktivitetsindikatoren seier noko om kostnaden med å produsere ei eining av denne tenesta. Produktiviteten kan seiast å vere høg om ressursbruken er låg i forhold til produksjonen. Når produksjonen blir målt ved antal mottakarar blir det ikkje teke omsyn til variasjonar i brukarane sine behov og pleietyngde. Det blir heller ikkje teke omsyn til variasjonar i antal brukarar i løpet av året. Det kan difor vere ulike tolkningar av kvifor ein kommune har høge utgifter pr. mottakar:

- Produktiviteten er låg – ein får lite velferd att for pengebruken.
- Kvaliteten er høg – brukarane mottek relativt gode tenester
- Einingskostnadene er høge – det er relativt dyrt å produsere tenester i kommunen. Grunnen til dette kan vere smådriftsulemper, store reiseavstandar eller høgt lønnsnivå på grunn av rekrutteringsproblem.

Eks. Kostnadane pr. mottakar kan bli høge i kommunar som har brukarar med relativt høgt hjelpebehov. I slike tilfelle kan høge kostnadar pr. mottakar ikkje tolkast som eit uttrykk for låg produktivitet.

KBDU = Korrigerte brutto driftsutgifter

PRODUKTIVITET	Vågå 2013	Vågå 2014	Vågå 2015	Gr. 2 2015	Oppland 2015
KBDU pr. barn i kommunale barnehager	142 862	145 963	153 731	170 926	173 401
KBDU pr. elev i grunnskulen	91 468	97 495	101 419	99 061	97 752
KBDU til elevar med skuleskyss	4 807	7 758	9 133	8 670	8 896
KBDU til sosiale tenester pr. mottakar	34 404	29 210	28 953	-	-
KBDU til mottakarar av pleie og omsorgst.	327 901	338 802	311 550	-	363 721
KBDU til mottakarar av heimetenester	161 335	165 907	160 255	217 241	219 115
KBDU pr. plass i institusjon	867 776	1 036 880	914 232	-	1 051 266

Vågå ligg lågt i forhold til kostander i barnehagen. Vi ligg over snittet på grunnskuleområdet og kostnadene med skuleskyss har eksplodert sidan 2013.

Kostnadene til heimeteneste er kommentert seinare under Kostra-analyse.

10.0 Kostrastatistikk

Vi har vald å plukke ut nokre sentral trekk av Kostratal for kvar tenestestad. Dette er mest for å ha eit blikk på oss sjølv, men og for å sjå på utviklingstrekk i forhold til andre kommunar.

Vi har vald å bruke Sør-Fron kommune og Kommunegruppe 2 som samanlikning. Sør-Fron er ein kommune som er mykje lik Vågå med tanke på folketal og demografi. I tillegg brukte KS kommunen som samanliknande kommune da Vågå fekk utarbeidd ein økonomisk rapport i 2013.

10.1 Sentraladministrasjonen

Administrasjon og politisk styring:

OMRÅDE	Vågå	Sør-Fron	K.gruppe 2
Brutto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern	5403	4736	7075
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring, i kr. pr. innb., konsern	587	631	816
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb., konsern	3907	3095	5277
Nto driftutg. til tilrettelegging og bistand for næringslivet pr. innb. (kr.), konsern	698	581	140
Bto investeringsutg. til tilrettelegging og bistand for næringslivet pr. innb., konsern	1738	0	458

Vågå bruker mindre pengar til administrasjon og politisk styring enn gjennomsnittet for kommunegruppe 2. Sør-Fron er ein av sei billigaste kommunane på dette området i heile Oppland.

I Vågå blir det brukt lite med pengar til politisk styring. Dette heng saman med at det er berre to hovudutval og det er nok ein del føringar som er plassert feil. Men uansett så er Vågå billig på området.

Vågå bruker meir enn gjennomsnittet av Kommunegruppe 2 og Sør-Fron kommune til tilrettelegging og bistand for næringslivet. Dette gjelder og på investeringsida. Dette er i tråd med dei politiske føringane som er lagt.

10.2 Fellestenester

Det er ikkje relevant statistikk som kan brukast for Fellestenester.

10.3 Barnehage

OMRÅDE	Vågå	Sør-Fron	K.gruppe 2
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar, konsern	110353	130266	127181
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	91,4	89,6	90,9
Andel minoritetspråklege barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass	11,1	8,4	11,3
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage, konsern	153731		173401
Andel tilsette med barnehagelærerutdanning	38,7	43,1	36,1

Tabellen viser at Vågå har ei rasjonell drift på barnehageområdet. Det er ganske stor skilnad mellom vår kommune og gjennomsnittet i Kommunegruppe 2 og Sør-Fron.

Vågå er og på topp med tanke på andel fødte ungar som har barnehageplass.

Vi ser av vel 11% av barna i barnehagen har minoritetspråkleg bakgrunn.

Av alle tilsette i barnehagen har nesten 40% prosent barnehagelærerutdanning. Det er viktig å halde fokus på kompetansen i barnehagen og i tillegg er det ei utfordring å rekruttere inn fleire menn.

10.4 Grunnskule

OMRÅDE	Vågå	Sør-Fron	K.gruppe 2
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samla netto driftsutgifter, konsern	24,5	24,3	23,8
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbyggjar 6-15 år, konsern	100675	116834	96106
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	2,7	4,7	3,5
Andel lærarar i heiltidsstilling	46,3	62,1	62,9
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	38,2	37,3	..

Det er små forskjellar mellom Vågå, Sør-Fron og gjennomsnittet i Kommunegruppe 2 når det gjeld prioritering av grunnskulen. Vågå ligg noko høgare, men det er ikkje stort. I kroner utgjer forskjellen mellom Vågå og Sør-Fron ca. 700 000 kroner.

Vi ser og at Vågå ligg lågast på netto driftsutgifter til grunnskulen.

Det er gledeleg å sjå at vår kommune ligg lågast når det gjeld elevar som mottok spesialundervisning. Dette er ein indikasjon på at det blir drive god tilpassa opplæring.

Vågå har få lærarar som går i full jobb. Kva som ligg bak desse tala er vanskeleg å seie direkte.

Både Sør-Fron og Vågå ligg lågt på grunnskulepoeng. Dette bør ein greie å heve noko, sjølv om denne indikatoren kan svinge mykje frå år til år.

10.5 Kultur

OMRÅDE	Vågå	Sør-Fron	K.gruppe 2
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar i kroner, konsern	2678	3269	2064
Kommunale driftstilskott til lag og foreiningar pr lag som mottar tilskott	22490	15613	20559
Netto driftsutgifter til kommunale kultur- og musikkskoler per innbyggjar, konsern	463	340	433
Årsverk, antall innbyggjarar per årsverk i folkebibliotek	1832	3154	2412

Vågå bruker mindre enn Sør-Fron, men meir enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 2 til kultursektoren. I denne samanlikninga er det greitt å nemne at Sør-Fron er kjent for å satse stort på kultur.

Vågå er på topp når det gjeld støtte til lag og foreiningar, på same måte bruker vår kommune meir til kultur- og musikkskulen.

Vågå har og færre innbyggjarar pr. heil stilling i biblioteket.

10.6 Helsetenester

OMRÅDE	Vågå	Sør-Fron	K.gruppe 2
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesten, konsern	3922	3253	3188
Netto driftsutg til førebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år, konsern	22708	7913	9609
Legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesten	14	14,8	12,9
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesten	12,2	15,9	10,5
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,3	0,52	0,41

Vågå prioriterer helsetenester høgt. Dette viser netto driftsutgifter til tenesta generelt, men ikkje minst netto driftsutgifter til førebygging. Her ligg vi langt over Sør-Fron og gjennomsnittet av Kommunegruppe 2.

Antal legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar er nokså likt mellom dei tre samanliknande einingane.

Fysioterapidekninga i Sør-Fron er høgare enn i Vågå, medan gjennomsnittet av Kommunegruppe 2 er lågare.

Vågå ligg lågt når det gjeld legetimar pr. veke til bebuarar på sjukeheimen. Dette er eit område som ein må sjå på.

10.7 Heimebaserte tenester

OMRÅDE	Vågå	Sør-Fron	K.gruppe 2
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottakar av heimetenester (i kroner), konsern	160255	201815	217241
Andel heimebuarar med høg timeinnsats	7,3	2,6	6,2
Andel heimetj.mottakarar med omfattande bistandsbehov, 67 år og over	12,3

I mange tilfelle ynskjer vi å sjå at kommunen vår driv det billigast. På dette området ynskjer vi ikkje det. Talet fortel oss at vi har pasientar i heimetenesten som ikkje er kostnadskrevjande fordi dei høgst sannsynleg kjem på Vågåheimen i staden for å få timeintensive tenester i heimen.

At Vågå har mange med høg timesats heng saman med at ordinær heimeteneste blir sett saman med Miljøterapi (PU) i Kostrafremstillinga.

Vi ser at Vågå og Sør-Fron ikkje har pasientar med omfattande hjelpebehov som bur heime.

Gjennomsnittet i Kommunegruppe 2 fortel oss at dei har vel 12% som sorterer under denne gruppa.

Denne praksisen er ein av hovudgrunnane til at det blir press på sjukeheimane og langtids plassar.

10.8 Vågåheimen

OMRÅDE	Vågå	Sør-Fron	K.gruppe 2
Plasser i institusjon i prosent av innbyggjarar 80 år over	23,2	23,8	19,2
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, konsern	914232	826000	..
Netto driftsutgifter til aktivisering/støttetenester per innbyggjar 18 år og over(f234), konsern	2528	924	1063
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc	41,8	100	87,8

Vi ser at dimensjoneringa av antal plassar i forhold til innbyggjarar over 80 år, er ganske lik mellom Vågå og Sør-Fron. Gjennomsnittet i Kommunegruppe 2 har eit tydeleg lågare antal plassar for denne gruppa.

Ein langtids plass pr. år i Vågå er nesten 90 000 kroner dyrare enn i Sør-Fron. Dette har fleire årsaker, men energikostnader og fragmenterte bygningar er noko av årsaka, men det heng og saman med at Sør-Fron har langt nyare bygg enn Vågå. Finansutgiftene ved byggekostnadane er difor lågare enn dei samla meirkostnadene med eit ikkje tidsriktig bygg.

Vi ser vidare at Vågå bruker langt meir på aktivisering og støttetenester enn dei to andre. Dette heng nok saman med kostbare løysingar med Inn på tunet og Aktivitetssenter utanfor institusjonen.

Den siste lina i tabellen fortel oss om noko vi er kjend med – berre vel 40% av våre pasientar har ein rom med eige bad/WC.

10.9 NAV

OMRÅDE	Vågå	Sør-Fron	K.gruppe 2
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år, konsern	2844	2032	2527
Sosialhjelpsmottakarar	106	69	..
Brutto driftsutgifter pr. sosialhjelpsmottakarar, i kroner, konsern	61915	58638	..
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakarar 18-24 år	2,8	5,1	..
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakarar 25-66 år	3,8	3,1	..
Gjennomsnittlig utbetaling pr. stønadsmåned (Intro.pr.)	13214	15295	..

Vågå bruker meir enn Sør-Fron og gjennomsnittet av Kommunegruppe 2 til driftsutgifter til sosialtjeneste pr. innbyggjar i yrkesaktiv alder. Vi ligg litt over Sør-Fron i brutto driftsutgifter pr. sosialhjelpsmottakar og.

Vågå og Sør-Fron er som tidlegare nemnt nokså like når det gjeld folketal. Likevel så ser vi at Vågå har nesten 40 fleire sosialhjelpsmottakarar enn Sør-Fron.

Det er positivt at stønadslengda for yngre sosialhjelpsmottakarar i Vågå er markant lågare enn i Sør-Fron. Når det gjeld dei eldre så er forskjellen marginal.

Stønadssummen pr. måned introduksjonsprogramdeltakarar i Vågå er synleg lågare enn i Sør-Fron.

10.10 Tekniske Tenester

OMRÅDE	Vågå	Sør-Fron	K.gruppe 2
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	4461	3752	3355
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	3959	4934	3557
Kommunale energikostnader, per innbygger, konsern	1041	1092	1541
Nto. dr.utg. i kr pr. km kommunal vei og gate	76641	96260	137767

Vågå har det høgaste årsgebyret for vassforsyning. Dette er eit måletal som heng nøye saman med investeringar som er gjort dei seinare åra innanfor området. Gebyrstorleiken må helst vurderast i ein heilskap med andre kommunale gebyr som fortel kor mykje Vågå beskattar sine innbyggjarar.

Vi ligg lågare på årsgebyret på avløpstjenesta og særleg i forhold til Sør-Fron. Deira avgift heng nøye saman med nyinvesteringar i reinseanlegg på Frya.

Det er gledeleg å sjå at våre energikostnader ligg lågt. Dette er ikkje sjølvstøtt fordi vi har eldre og dårlege bygg innanfor kostnadskrevjande tenester som institusjonstenester.

Vågå ligg vidare lågt i forhold til netto driftsutgifter til kommunale vegar.

10.11 Landbrukskontoret

OMRÅDE	Vågå	Sør-Fron	K.gruppe 2
Produktivt skogareal	181500	121511	..
Jordbruksareal i drift	39720	36723	..
Netto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling	2317	1727	..
Nto driftutg. til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling pr. innb. (kr)., konsern	632	548	352

Ut frå Kostraregistrering så ser vi at Vågå har meir produktiv skog og meir jordbruksareal som er i drift enn Sør-Fron. Dette seier ikkje så mykje, men det er tal som over år kan fortelje dei som ikkje dagleg arbeider med faget om korleis utviklinga går.

Vi ser at netto driftsutgifter til landbruk og landbruksbasert næringsutvikling er høgare i Vågå enn Sør-Fron, noko som er i tråd med dei politiske føringane. Landbruk er ein viktig del av grunnmuren til næringslivet i Vågå.

10.12 Skatteoppkrevjar

Det er ikkje relevant statistikk som kan brukast for Skatteoppkrevjaren.